

Lokalhistorisk årsskrift 2004

Utgjeve av Os Mållag

20. årgang

Osingen Jubileumsnummer

Osingen 2004

Urgjeve av
Os Mållag

INNHALD:

Henning Henriksen:

Englesong over
Betlehemside 3

Helsingar: side 4

Lars Skorpen:

Olaf Hanssen
Forskar og formidlarside 5

Anders Hovden:

Norskdomsmannen
Olaf Hanssenside 7

Gustav Moberg:

Haugsnisingen-eit minne
om barnekulturen i Osside 9

Øystein Søfteland:

Framvoksteren av
skogkulturen på Søfteland.side 14

Barnesider:

Elevar frå Lysekloster skule side 20

Aslaug Aadland:

Å vera småjente på Lioside 22

Kåre Herdlevær:

Losje «Ole Bull»side 25

Tenåring tett på tyskarane

Bitten Lyssand fortel til
Lars Skorpenside 28

Framsida: Garden Lio, foto: Helge Haukeland

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Gustav Moberg
Lars Skorpen
Kåre Herdlevær

Trykk: Grafisk Team AS Bergen

Kr. 40

Gode lesar!

Det er med ikkje så reint lite stoltheit me i Os Mållag i år gjev ut vårt tjuande årsskrift, Oasingen. Like sikkert som at haustmørket innhentar oss i november, så vert Oasingen lagt ut for sal i bygda. Og aldri er vel tida betre enn då, til å krølla seg saman i godstolen og reisa inn i litteraturen sine store skattkammer. Oasingen har tradisjon for å skriva om kultur og historie frå vår eiga bygd, og her har vore mykje spanande å lesa om, gjennom åra!

Mange eldsjeler har vore med og gjort det mogleg å gje ut Oasingen kvart einaste år sidan 1985, og eg tillet meg å løfta fram Kåre Herdlevær. Med si ekte glede og sitt store engasjement har han teke fatt på dette arbeidet, som redaktør for årsskriftet, år etter år. Han har vore ei ukueleg drivkraft, ei oppkome av kunnskap og ein dugande leiar. I tillegg har han alltid med seg ei skriftnemnd, som vert utpeika av mållaget kvart år. Her har det vore med mange flinke folk, som alle fortener ei stor takk!

Som ganske ny i mållagsarbeidet, har eg hatt høve til å fremja mi sak med eit blåøygd og kan henda litt naivt sinn. Stor har difor undringa vore over alle kjensler dette temaet har. Ein kan spørja seg kva dette kan koma av. Det som slår ein er kva språk og dialekt faktisk betyr for oss.

Kommenterer ein utflytta sambygdingar om endring i dialekten sin, vert det lett lange forsvarstalar. For ikkje å snakka om, dersom ein vert teken for å leggja om til «*finare*» språk, når ein pratar med framandfolk.

Dialektane i byane vert gjerne karakterisert som *finare* enn det ein snakkar på bygdene. Er det *finare* med bokmål enn nynorsk? Og er ikkje *fi*nt temmeleg subjektivt?

Språket vårt er i endring, og vil vera det også i framtida. Men lar oss vona det alltid vil vera naturleg å ta vare på og nytta dei ord og uttrykk som ein voks opp med, og som såleis er ein del av identiteten. Me har eit utruleg mangfald av stavingar, grammatikk, tonar og uttrykksformer i landet vårt. Og kva kan vel vera meir vakkert enn det som er naturleg!

Beste helsing
Barbra Røttingen
Leiar i Os Mållag



Englesong over BETLEHEM

av Henning Henriksen

Ein gong dalte ljose englar ned
over ein stall i Betlehem
og song så vakkert om fred.

Ein gong kom tre rike, vise menn
frå Austerland,
Afganistan eller Pakistan?
med gäver til barnet dei fann.

Ein gong
høyrd gjætarar englesong
då dei søkte i stallen inn
med buskapen sin.

I år fell det bomber i Betlehem,
i Irak og Afganistan,
og redde menneske ankar og lid
no ved juletid.

Terror har spreidd si gru og sitt hat
over vår fagre jord,
og sveltande born ber om tryggleik og mat
både i sør og i nord.

Eg trur at me alle må bøya oss ned
og be ei inderleg bøn om fred.
Eg trur at me alle endå ein gong
treng å høyra ein englesong
over vår lidande verd.

Gratulasjonar

Til lukke med jubileet!

I 1985 hadde eg gleda og æra av å vera med i det første skriftstyret for bladet «Osingen». Det var Kåre Herdlevær sin idé, og han styrte arbeidet med fast hand. Sjølv hadde eg vore redaksjonssekretær i Midhordland, som det den gongen heitte, og prøvde å vera til nytte på beste vis med kunnskapane mine om bladarbeid. Som innflyttar var det også spennande og lærerikt for meg å få vita meir om Os-bygda i nær og fjern fortid.

Det første nummeret, og eit par til som eg fekk tilsendt etter at eg og familien flytta frå Os, står framleis i bokhylla mi. Det gleder meg storleg at «Osingen» lever i beste velgåande etter 20 år.

Lokalhistorisk kunnskap og rotfeste blir ikkje mindre viktig i vår omskiftelege og globaliserte tidsalder. Eg gratulerer «Osingen» med 20-årsjubileet og ynskjer skriftstyret lukke til med arbeidet framover!

Med beste helsing
Tom Hetland

«Å sjå seg attende – gjev styrke framover»

Ei god historie er alltid velkommen hjå den leseglade. Ho vert ikkje mindre velkomen når ho ikkje berre er god, men også gjev kunnskap. Og når denne kunnskapen er om det nære, i tid og stad – då kan historia syna seg å vera endå meir verdfull enn du anar, både for deg og dei ikring deg.

Skriftnemnda hadde rett då dei, allereie i fyrste utgåva av Osingen, peika på alt det som bryt på, det som gjev lite rom for det som har vore. Presset mot tradisjonar og kulturarv er stort, men Os Mållag, og dei som har delteke i skriftnemnda opp gjennom åra, har sanneleg halde oppe føremålet med heftet: å gje hjelp til å styrkja rotfestet.

Osingen er ikkje eit tungt sokeskrift. Her finn ein lun og treffande formidling av små og store kvardagslege og spanande hendingar frå vårt eige nærmiljø. Bladet er dessutan ein særskild viktig medspelar når det gjeld å halda oppe noko av det viktigaste for vår eigen identitet – språket vårt.

Det er all grunn til å takka Os Mållag for årsskriftet, helsa til lukke med jubileumsutgåva, og vona at mang ein *osing* finn mykje lese glede i *Osingen* i åra som kjem.

Karl Ole Midtbø
Kultursjef

Helsing til jubilenten

Osingen har jubilé. Det lokalhistoriske årsskriftet kjem no med sitt tjuande nummer, og det er Os Mållag som gjennom alle desse åra har sett til at osingane får heftet i tide til å senda som julehelsingar både til fjern og nær. Og målsaka har hatt fokus heilt frå fyrste nummer. I helsinga til lesaren på fyrste omslagssida har ein vore utfordra til å tenkja igjennom eller å ta stilling til ulike sider ved målsaka. Med Osingen har laget hatt som mål å fremja den nynorske skriftkulturen. Gratulasjonar til laget og til skriftnemndene bakom dei 20 nummera som ligg føre som eit prov på at dei har nådd denne målsetjinga!

Frå det fyrste nummeret har lesaren kunna møta både lokalhistorisk stoff og aktuelt kulturstoff. Lokal kultur har mykje å seia for identiteten vår. «Å sjå seg attende – gjev styrke framover» stod det i den fyrste helsinga til lesaren. Det lokalhistoriske arbeidet som forfattarane har gjeve bidrag til gjennom desse åra, er viktig både for vår kjennskap til den lokale kulturen, og som bidrag til rikshistoria. Gjennom artiklane har vi fått høve og hjelp til å styrka rotfestet.

Osingen er nytta i skulane som kunnskapstilfang for elevane som arbeider med prosjekt- og temaarbeid, og born og unge har fått høve til å produsera sider i heftet, og med det fått eit eigarforhold til Osingen.

I tillegg til ei samla helsing til skriftnemndene, er jubileumsåret eit godt høve til å gjera lesaren merksam på at det er eitt namn som har vore med gjennom alle åra, Kåre Herdlevær. Han har hatt visjonar for kva Osingen skulle verta, og har hatt ansvar for framdrift og for at skriftet har tatt form.

Med stor tru på kor viktig det er at vi har eit slikt blad i bygda vår, ynskjer eg jubilenten lukke til på ferda vidare, med barlast frå fortida for framtida.

Beste helsing
Ingebjørg E. Astrup
Fylkeskultursjef og osing.

Eit årsskrift som lever vidare

Det var med optimisme og ei viss spaning at Os Mållag for snart 20 år sidan gav ut det første hefte av Osingen. Me som fekk vera med i skriftnemnda dei første åra, var nok stundom litt i tvil om eit slikt årsskrift ville ha livets rett, men initiativtakaren og pådrivaren, Kåre Herdlevær var nok ikkje i tvil, og når Osingen no kjem med sin tjuande årgang, er det ikkje minst han å takka.

Osingen er i dag eit tilbod både til unge og gamle i bygda vår. Eg trur det er viktig for oss at me tek vare på den nære soga vår, og det kan Osingen hjelpe til med.

Som medlem av skriftnemnda dei første åra er det ei stor glede for meg å ønskja til lukke med nr. 20, og eg vonar og trur at Os Mållag vil halda fram med å gje ut Osingen til glede både for innfødde osingar og for innflyttarar.

Henning Henriksen

Olaf Hanssen

Forskar og formidlar

Han var makelaus og mangslungen, både i kunnskap, evne og tiltak. Botanikar og geolog, kulturberar og forfattar, historikar og språkrøktar. Alt utan andre eksamenspapir enn sitt eige arbeid.

av Lars Skorpen

Han laut stadig ut på vandring, og det var nok ikkje lett å følgja ei så uroleg sjel. Alltid ut på nye vidder, leitande livsleia lang. Full av ynglande tankar og idéar som førde til stillfarande, gravande arbeid, eller det motsette – avfyring av agitatoriske sprengladningar som vekte oppsikt i vide krinsar.

Han kunne ta seg til mangt og mykje slags inntektsarbeid: butikkdreng, vegbyggjar, sildesaltar og seinare materialforvaltar og vaktmeister. Men det var først og fremst som forskar og kulturformidlar den sjølv lærde mannen etter kvart fekk eit namn, som i si tid lyste langt utanom landegrensa.

Hegglandsdølen

Olaf Hanssen kom til verda i Hegglandsdalen i Os den 24. oktober 1883. Farfaren, Hans Johnsen frå Havsgård i Fusa, slo seg ned som smed på Osøyro rundt 1830. På den tida vart han jamt kalla «herbergerer», då han dreiv som gjestgivar, og litt med handel og vandel som attåttnæring. Far til Olaf, Elias Hanssen (1840-1915), var altså frå fødsel av ein ekte osøyrsgut. Etter skomakarlarere i Bergen vart det lærarutdanning og skulepost i Lysefjorden og på Sjøfeland nokre år.

Som trettiåring kom han til skulen i Hegglandsdalen. Først busett i skulehuset, men kjøpte så nabosmåbruket, Utgjerdet (Tveit 3), i 1876. Året før han kom til Hegglandsdalen hadde han gifta seg med Ragnhild Olsdotter Sørstraumen (1846-1904). Olaf var den fjerde i barneflokket og fekk far sin som førstestklasselærer.

Guten synte tidleg gode evner og glede over det skrivne ordet. Kontorkrakken kunne han derfor kanskje bli sitjande på i framtida, tenkte foreldra. Dermed blei det mellom-skuleeksamen som 17-åring og handelsskuleeksamen i Bergen året etter. Med dette var den formelle utdanninga avslutta og framtidsvegen utstaka.

Den 6. februar 1904 – berre 20 år gamal – gifta han seg med Mina Jonsdotter Selsvoll frå Strandvik. Dei slo seg ned i Hegglandsdalen, og Olaf skøyte bruket etter faren i 1908. Etter kvart kom det 8 kjekke born. Midt oppi giftarmål og barnefødsler ser vi alt no teikn til ein kulturell hyperaktivitet. Medskuldig i skipinga av Hegglandsdalen ungdomslag (1904), tilskipar av årlege ungdomsstemne i Osbygda (1907, 1908, 1909), medlem av styret i Hordaland ungdomslag

(første gongen 1908), pådrivar i reisinga av veteranbautaen på Osøyro i 1914 (no i Minneparken). For å nemna noko.

Dette var berre startfasen. Vi skjønar derfor godt at det ikkje alltid kunne vera lett for Mina å vera gift med ein så vidtreisande og aktiv mann. Ho skulle vera småbrukar, postopnar og etter kvart mor til åtte.



Botanikaren

I storskulen fekk han Nils H. Midthus som lærar, og han opna dører på gløtt mot det rike blome- og plantelivet i Os-bygda. Han gav fødselshjelp til botanikk-interessa som kom til å styra livsløpet på mange måtar. Far til «Skule-Nilsen», Haldor Midthus (1841-1906) frå Hegglandsdalen, skipa esperantorørsla i Noreg. Hjå han lærde Olaf eit internasjonalt språk og skaffa seg venner verda over. For å kunna giera djupdykk i botanikk-literaturen lærde han seg sjølv latin, engelsk og tysk. Han las Blytt som ein teolog les bibelen. Far og son Blytt – Matthias (1789-1862) og Axel (1843-1898) – var professorar i botanikk på Universitetet i Oslo og stod bak storverket Norges Flora, band I (Matthias, 1861) og band II (Axel, 1874).

I 1910 vart Olaf materialforvaltar ved Stord Kisgruver. Her skaut blome- og planteinteressa fart for alvor, og Jens Holmboe – som var professor i botanikk ved Bergens Museum frå 1914 – knytte Olaf til seg som fast medarbeidar frå den tida. Sjeldne plantefunn fann vegen frå Stord til Bergen.

I 1923 fekk han arbeid i Bjørnøya Kolfelt, og turen gjekk nordover. Der oppe kom han over store fossile felt med forsteina planter og dyr frå millionar av år tilbake i tid, som igjen fann vegen til professor Holmboe i Bergen. Dessverre kunne legen der nord slå fast at det kalde klimaet hadde påført Olaf ein nyresjukdom som sette stoppar for polardraumen for denne gongen. Det bar heim til Hegglandsdalen.

Med seg hadde han planter og lav. Dette førde til eit skrivearbeid saman med professor Jens Holmboe: «The Vascular Plants of Bear Island.» Og seinare kom «Bjørnøyar – minne 1923» i Polarboken 1939. Frå Færøyan kom han heim med ei stor plantesamling etter ein tur i 1926. Denne er grundig omtala av professor Nordhagen og Omang: «Et bidrag til Færøenes flora» (1929). Ein kuriositet er ei seinare bok saman med professor Nordhagen om dei varmekjære vokstrane rundt vestnorske kornmøller: «Die Adventivflora einiger westnorwegischen Kornmühlen» (1930).

Det var meininga å gi eit bilete av mannen, mennesket og myten Olaf Hanssen i denne artikkelen. Når eg no alt har falle for oppramningsfreistinga for å visa mangfald og produktivitet, føyer eg til frå tidsskriftet «Naturen»: «Um voksterlivet på Færøyan i gammal tid og no» (1927). – «Svære årsrenningar på lauvtre» (1932). «Litt tilfang til saga om eineren» (1934). – «Ein liten skog av raun» (1934). – «Nye veksestader for storvaksi barlind» (1935). – «Nokre heilage tre» (1935). – «Smånøgde vokstrar» (1935). – «Litt om epifyt-tre» (1936). – «Almeskogen i Ytre Kroken, Sogn» (1936). – «Kjempetre i Fusa» (1936). – «Nokre sermerkte vokstrar kring i landet vårt» (1937).

I «Nytt Magasin for Naturvidenskapen» skreiv han: «Lindebast og bastetog» (saman med Jon Lundestad i 1932). – «Asketrealléen ved Asker kyrkja» (1936). – «Einerklædde hus på Vestlandet» (1938).

At Olaf Hanssen var på heimebane i Os-floraen er sjølvsagt. Han helsa på dei fleste planter alt i konfirmasjonsalderen og kjende dei som sine personlege venner. Det var då sjølvsagt at han vart engasjert av Nils Tveit for å skriva kapittelet «Um voksterlivet i Os», då Nils Tveit gav ut første bandet av bygdesoga tidleg på trettitalet.

Andrée-ekspedisjonen

I ei slik framstilling kjem vi ikkje utanom den kjende «Bratvaag-ferda» til Svalbard i 1930. Ekspedisjonen var utsendt av «Norges Svalbard – og Ishavsundersøkelser» og skulle mellom anna til Frans Josef Land med M/K Bratvaag. Gunnar Horn var ekspedisjonsleiar, og Olaf Hanssen var med som botanikar. Den 6. august kom dei over levningane etter Andrée – ekspedisjonen.

Den 11. juli 1897 starta den 43 år gamle svenske ingeniøren og fysikaren Salomon August Andrée saman med kameratane N. Strindberg og K. Fränkel frå Virgohavn på Danskeøya. Dei ville prøva å nå Nordpolen i ballongen «Ørnen», men i starten mista dei store deler av slepeline, og ballongen lét seg derfor ikkje styra.

Då no Bratvaag-ekspedisjonen fann levningane, og dette igjen utløyste den presseustrusta «M/K Isbjørn-ekspedisjonen» ein måned seinare, kom svaret på den 33 år gamle gåta.

Alt etter tre døgn i lufta blei dei tvungne til å naudlanda i isen 480 km nordaust for Danskeøya. Etter ein slitsam tilbaketur nådde dei den isdekte Kvit-øya – etter nær tre månaders strev – i byrjinga av oktober. Den siste dagbokoppteikninga vart gjort av Strindberg den 17. oktober, og han døydde først og vart gravlagd av dei to andre, som blei funne der dei hadde teltplassen. Dødsårsaka er ukjent, men mest truleg var det trikinose etter å ha ete isbjørnkjøtt, eller kanskje kolosforgifting. Vi lét Olaf Hanssen sjølv fortelja (frå Polar-årboken 1940):

«... Det fyrste me drog fram var ein båtshake. Der stod det 'Andrées ekspedisjon 1896'. Me var straks klår yver fundet og dets verde. --- Umlag 8 meter herifrå var ein berrlagd knaus. Her fann me klær og beinrestane av eit menneske, kraniet var burte, men føtene med styvlane på var fast i telen. Ei byrsa stod i isen med kolben opp. Vidare ein primus, blekkopp med matrestar i o.s.v. Då me opna jakken, såg me eit monogram av gul silketråd brodert A. ... Me fann i ei lita fjellkluft under ei røys av kampestein liket av ein nedgravd mann. Hovudet var borte, avbite av bjørn, men ellest var liket mykje godt heilt. Det synt seg å vera Nils Strindberg, kameraten til Andrée, som kvilde her. Etter mange timars arbeid fekk me alt utgravd og bore ned til strandi og herifrå i båt yver til 'Bratvaag'. Kvitøya hadde flidd ifrå seg det ho hadde gøymt i 30 år. ... Heimferdi frå Kvitøya til Storkyrkan i Stockholm vart so stor og vidgjeti, at ho høyrer saga til. Me, som hadde den lukka å få fylgja heilt fram til dess at kistene vart sessa i høgkoret i ei av Sverikes mætaste gudshus, der 3 kvite kross av krysantemumbloomar blenkte yver dei blomeprydde kistene, kjende oss byrge og hugtekne i høgtdsstundi.»

Så langt Olaf Hanssen sine eigne ord. Vi skjonar at det vart skrivt verdsoge på denne ekspedisjonen, og at botanikaren kanskje kom i bakgrunnen. Men dei rike funna av lavartar, mose og planter, m.a. frå Frans Josef Land, vekte oppsikt og resulterte i dr. B. Lynges si bok om lavartane: «Lichens collected on the Norwegian scientific expedition to Franz Josef Land 1930.» Saman med professor Johannes Lid skreiv Olaf Hanssen boka om blomane der nord: «Flowering plants of Franz Josef Land collected on the Norwegian scientific expedition 1930» (Oslo 1932).

Men Olaf Hanssen skreiv ikkje berre om blomar for fagfolk. Ei populær artikkelrekkje i «Gula Tidend» vart til boka «Frå blomelivet», som kom ut i to opplag (1927 og 1928) til stor glede for lærarar, elevar og andre amatørar.

Kulturformidlar

Alt i 1897, berre 14 år gamal, debuterte Olaf Hanssen som forfattar. Då fekk han gleden av å sjå eventyret «Vesle Tobias» på prent i barnebladet «Solskin». Dette var starten på eit langt liv som kulturberar og kulturformidlar. Som heilt ung heime i Hegglandsdalen og i Os-bygda elles var han involvert i det meste som hadde med kunst og



Norskdømmen Olaf Hanssen

*Koen var det jamt som stod fyrst på skansen,
når det galdt norskdømm? Jau, Olaf Hanssen.
Var det for framgang ei viktig sak,
han var på flekken og tok eit tak.
Men stod dei andre i sigersglansen,
ein såg då lite til Olaf Hanssen,
han stakk seg av: for han var visst bljug,
men kan kje løyna sin varme hug.*

*Eg blés i lur um eit Snorre-merke
og tok til sanka inn mynt til verke —
han Olaf Hanssen var fyrste mann,
den fyrste setelen kom frå han —
ei månads løn av det harde slite,
ei hundrad kronor, det var kje lite.
Det gav meg mod til ein skilling-haust
blant Noregs ungdom, og han var raust.*

*Han elsker venleik og fagerdomen,
han elsker vokstrar, han elsker blomen.
Ja, no han hev seg so høvt eit rom —
i Tøyenhagen er flust med blom.
Victoria Regia det er grannen;
i blomskrud ser eg helle mannen.
Her kjem eg òg med ein liten krans
og fagnar mannen og verket hans!*

Anders Hovden.

kultur å gjera, såg vi. I Stord-åra utvida dette engasjementet seg i tid, rom og pengar. Apropos pengar; den gamle sanninga om kunstnaren og mangel på klingande mynt fekk han nok føla på kroppen mang ein gong. Men han gav ikkje opp av den grunn.

Han skreiv ei mengd avisartiklar, ofte under psevdonymet «Vigleik». Det kunne handla om bygdedikting, tonedikting, bygdesoge, språkrøkt og ville blomar. Ikkje noko emne var for stort, ikkje noko var for lite. Han skreiv i «Unglyden», «Norsk ungdom», «Den 17de Mai», «Sunnhordland», «Gula Tidend», «For Bygd og By», «Bragarskrå» (under psevdonymet Ola Ymerdalen), «Den 7de Juni», «Norrøna», «Midthordlands Avis», «Rogalands ungdomsblad», «Bergens Tidende», «Dagen», «Nynorsk vekeblad» (festlege essays om mellom anna Anders Hovden og Ingjald Håland), «Materialforvalteren» (om industrielle emne). Endå ein gong har eg falle for opprømsingsfreistinga for å visa Olaf Hanssen sitt engasjement og kapasitet.

Då faren døydd i 1915, samla han femti dikt som var signert Elias Hanssen og gav dei ut i bokform. Det kan altså sjå ut som genetikken hadde gitt Olaf lyriske og litterære evner, som vart forsterka og vidareutvikla av ei glodande interesse.

Denne interessa førde han til Olav Nygard (1884 – 1924) si dikting. Han var stadig på leiting etter ukjende Nygard-dikt og noveller. Dei vart samla i bodstikka «Døyande Gallar». Nygard diktar om kjærleiken, døden, den utanomsanselege verda sine løyndommar og ættesamanheng. Olaf Hanssen lét seg riva med av modølen sitt diktarpråk og la ned eit stort arbeid med å arrangera Nygard-stemna i Modalen.

Stikkordet stemne minner oss om ein sosial tilstand brukt til å spreia gode idèar i forfjernsynstida – eit agitatorisk verkemiddel, så å seia. Etter at musikkorpsa gav seg, er det vel kanskje berre fri-idretten som steller i stand stemne. Men mellomkrigstida var stemnetid. Skulle ei god sak fremjast, måtte det eit stemne til, og Olaf Hanssen såg at stemnet var godt eigna til sosialt samspel for ei god sak.

I dei aktive Stordåra tidleg på tjuetalet merkjer vi oss tre slike stemne. Håkonarstemnet på Fitjar i 1920 samla 3000 menneske for å gjera ære på minnet etter Håkon den Gode, og samstundes vart prosessen med eit monument over kongen sett i gang.

Snorrestemnet på Stord året etter samla 1500 menneske. Meininga var å setja fokus på Snorre Sturlason sitt livsverk og fremja ideen om

eit Snorremonument på Island. Olsokstemnet på Onarheim i 1922 samla heile 4000 menneske. Tanken var først og fremst å få folk til å minnast Olsok på linje med andre høgtidsdagar. Helst skulle denne dagen vera ein heilagdag, meinte Olaf Hanssen. I jubileumsåret 1930 vart det halde stemne ved Olavskyrkja på Avaldsnes. Stemneheftet kom med mykje godt historisk innhald, og Olaf Hanssen hadde skrive eit sogespel: «Klo mot klo skal ørnene rivast.» Det var meininga å framføra det utanfor kyrkja, men soknerådet nekta.

«Norsk jol» stelte han med i ti år. Her fekk han meir enn nokon annan stad visa interessene sine, kunnskapen sin, forskarevna si og den gode smaken sin. Liksom «Dølen» var Vinje, var «Norsk jol» Olaf Hanssen. Men av alt det merkelege han har skrive, sette han sjølv høgast boka om Johan Moen, den luftfattige husmannsguten som vart misjonær i Afrika: «Frå tiggareg til vyrd misjonsprest» (1940).

For heimemarknaden skreiv han også. På tjuetalet gav han ut skyttarlagssoga: «Os skjotarlag i 30 år» (1921). Så sette han seg saman med Nils Tveit og skreiv boka: «Ungdomsarbeid i Hegglandsdalen 1894-1925.»

Samlaren

Ein dag kjem han køyrande langs vegen mot Osøyro. I ei vegskjering driv ein arbeidsgjeng med vegarbeid. Olaf stoppar hesten, hoppar or vogna og går inn i flokken. Utan noko om og men triv han eit ledig spett og lirkar fram ein stor stein. «Her er det nok fossil,» seier han og kløyver steinen med eit par velretta slag frå ei slegge han finn i farten. Til synes kjem den sjeldne korallen «Reuchia aperta». Alderen er sett til minst 500 millionar år.

Her kjem forskarånda fram. Hastande i ei hestekjerre mellom Hegglandsdalen og Osøyro ligg leitarhugen latent og lurar. Og når høvet byr seg, går han til aksjon.

I dette tilfellet er vi i grenselandet mellom botanikk og geologi. Skal ein forstå noko om plantelivet i forhistorisk tid, må ein finna og forstå forsteiningar av planterestar.

Han vart med på mange geologiske ekskursjonar, i Os, på Stord, i Mjøstraktene og i Meldal. Alle stader gjorde han rike funn (1926 og 1928). Han hadde eit «fossil-instinkt», sa dei på musèet i Bergen.

I alt sitt virke hadde han fotoapparatet i nærleiken. Om det var for å illustrera ein artikkel eller dokumentera kvifor eit tre burde fredast. Han var ein uvanleg flink amatør fotograf i si tid.

Tidleg tok han til å samla bøker. Inspirasjon fekk han i barndomsheimen og frå grannane. Ordførar, forfattar og seinare stortingsmann Nils Tveit (1876–1949) budde to steinkast borte (Tveit 1) og hadde etter kvart ei av dei største private boksamlingane på Vestlandet. Mellom dei budde læraren i Hegglandsdalen (Tveit 4), Olav Skorpen (1883–1947), som også var biten av boksamlarbasillen. Den gongen måtte ein vel på eit av dei store biblioteka for å finna fleire bøker pr. kvadratmeter enn det fanst på akkurat desse tre nabobruka inne i Hegglandsdalen, mellom 15 og 20.000 band til saman, seiest det. Her møttest dei tre karane i dei store høgtidene for stolte å visa fram dei siste boklege blinkskota sine, henta heim frå eit eller anna bokantikvariat. Kombinasjonen av boksamlarinteresse – og han hadde saumfare dei fleste bøkene sine – og det gode minnet hans, var vel noko av løyndommen med mannen. Han var eit levande leksikon, sa dei som kjende han.

Sammlarmanien kunne føra til spesielle samlearbeid. Vi kan nemna eit par. Då Roald Amundsen vart borte for godt i 1928, vart han tema for lyrikarar verda over. Olaf Hanssen samla om lag 400 hyllingsdikt frå Noreg, Sverige, Danmark, Finland, Færøyane, Island, Amerika, England, Tyskland, Italia og Frankrike. Denne samlinga vart prenta i «Polarårboken 1942».

Sammlarinteresse tok mange vegar. Han stilte seg sjølv spørsmål om kven som kunne ha tonsett «Gud signe Norigs land». Og han fann heile 82 komposisjonar. Det var nok kjærleiken til Garborg si diktning som inspirerte han til denne spesielle samlinga. Garborgs «Den bortkomne Faderen» hørte til den aller kjæraste lesnaden hans.

Då er vi inne på språkmedvit og språkrøkt. Hegglandsdalen skule fekk innført nynorsk som skulemålform alt i 1909, lenge før dei andre skulane i Os. Her var det nok læraren i krinsen, Olav Skorpen, som var pådrivar, men han var godt støtta av den jamgamle kameraten på grannegarden. Noko seinare vart Olaf Hanssen ein sær aktiv skrivar i Stord mållag, som fekk nynorsken inn i møteboka til Stord heradsstyre og liturgien i Stord -kyrkja.

Krig og sjukdom

Den tidlegare nemnde professor Holmboe ved Bergens Museum si botaniske avdeling flytta over fjellet til eit professorat i botanikk ved Universitetet i Oslo, og samstundes vart han bestyrar ved Botanisk hage og museum (Tøyenhagen). Dette var midt på tjuetalet, og professoren kom snart til å sakna den gode medarbeidaren sin frå første tida i Bergen.

Så høvde det seg slik at Jens Holmboe kunne tilby han stillinga som vaktmeister i Botanisk Museum i Oslo. Først no kan ein kanskje seia at han fann fast, økonomisk grunn under føtene i ein alder av nærare femti år. Her stakk kunstnarar, forfattarar, tilreisande venner og studerande ungdommar frå Vestlandet innom for ein prat. Ein av dei besøkande var diktarpresten, Anders Hovden.

Han fortalde i eit godt lag om første møtet med Olaf Hanssen. Det var ei natt på toget mellom Bergen og Oslo: «So vart det meir prat enn svevn. Og du verdi for ein forlivande morosam mann å røda med. Alt visste han, alt kunde han. Han såg ut som sagfilar, men han sa fram lyrikk og djupe tankecitater frå framandt og kjent lettare enn mangein literat. Det var ein underleg mann.» Så langt Anders Hovden.

I vennskap gav han mykje og skreiv tusentals brev. Mange har heidra han med dikt, mellom anna lyrikarane Ragnvald Vaage, Anders Hovden og Tore Ørjaseter.

I okkupasjonsåra kom han i samband med likningsfullmektig Olav Strand og flokken omkring han. Dei gav ut det illegale bladet «Norsk vilje». Olav Strand vart arrestert i januar i 1944, og ein av medarbeidarane hans flykta til Olaf Hanssen. Nett då kom tyskarane på rassa til Botanisk Museum. Olaf Hanssen og dottera Marta vart arresterte og hamna på Grini.

Eit fangeopphald for ein 60.åring som alt hadde slite med sjukdom ei stund, vart øydeleggjande. Han fekk uboteleg mein på kropp og sjel. Etter frigjerings prøvde legane forskjellige kurar og medisinar, men lite hjalp. Han flytta heim og vart sitjande mykje hjelpeløs. Det gode minnet vart borte, og han mista etter kvart evna til å skriva.

Søndag den 6.mars 1949 sovna han inn heime i Hegglandsdalen.

Kjelder:

Nils Tveit: Bygdesoga for Os, band I-III, A/S Centraltrykkeriet, Bergen 1932/1941.

Redaktør Conrad Claussen: Ei bok um Olaf Hanssen. Norsk Bokreidingslag 1983.

Frå Fjon til Fusa, Årbok for Nord- og Midhordland sogelag 1950.

Polarårboken 1940, Gyldendal Norsk Forlag 1940.

Aschehougs og Gyldendals store norske leksikon,

Kunnskapsforlaget, Oslo 1992.

Haugsneseingen

- eit minne om barnekulturen i Os for 60-70 år sidan



Av Gustav Moberg

I dei siste to-tre åra av det vi kallar mellomkrigstida hadde Os ei lokalavis som var så lokal at dei fleste her i bygda ikkje visste om henne. Det var *Haugsneseingen*. Redaktor og utgjevar var elleve år då han sette i gang med bladet og fjorten då han slutta. Han slutta fordi han vart ferdig med folkeskulen (grunnskulen) og snart skulle konfirmerast. Det var ei så alvorleg sak i dei tider at ein ikkje lenger kunne driva med leik og moro og ei avis som var for barn (men som mange vaksne også hadde glede av).

Ungane på Haugsneset dreiv med mange slags aktivitetar. Ein av dei var å skriva. Det vart skriva små bøker, forteljingar, jamvel dikt, og det vart sett i gang blad. I dei fleste tilfelle vart det med nokre få nummer, kanskje berre med eitt. Han som skriv dette, var ein av eingongsredaktørane. I staden for nummer to, kom det opp ein plakat som opplyste at bladet var «godt» konkurrert og ikkje kom ut meir.

Slik gjekk det ikkje med *Haugsneseingen* som vart utgjeve, redigert og for det aller meste skriva av Harald Vik. Han var ein aktiv gut,



han var med i leik og idrett og hyttebygging og alt det andre vi dreiv med, men han var også av dei som likte å skriva, og han presterte altså å gje ut bladet sitt i bortimot tre år, i alt 58 nummer «etter at han vart trykt» som han skreiv i avskilsnummeret. «Trykt» vil seia at avisa vart skriven på skrivemaskin, med blåpapir og det som vart kalla gjennomslagspapir. Han måtte ha så mange kopiar som det var abonnentar, og i eitt av nummera opplyser han at det var 8 som abonnerte på avisa. Han skreiv også kven det var, og lista viste at nokre av dei var folk som ikkje hadde barn i huset. Før utviklinga kom så langt at bladet vart «trykt», skreiv han det med hand, i den aller første tida på gråpapir! Bladet heitte først Osøren og seinare Tidende, men frå 19. november 1936 var namnet *Haugnesingen*. Frå desember 1937 var bladet «trykt».

Det var langt mellom skrivemaskinane i Os i 1930-åra. Når Harald kunne gje ut eit maskinskrive blad, var nok forklaringa at far hans, lærar Torbjørn Vik, var ein mann som var aktiv på mange område. Han var m.a. kommisjonær for Bergens Tidende, dvs. at han hadde ansvaret for distribusjonen av avisa i Os, og han var også det ein den gongen kalla meldar for avisa. Til alt han dreiv med, måtte han nok ha skrivemaskin.

Lokalavis – men ikkje berre det

Haugnesingen var først og fremst lokal, men kunne også ta for seg saker utanfor lokalområdet. I avisa for 4. januar 1937 melder bladet at Oslofjord, det nye skipet til Den Norske Amerikalinje, var sjøsett i



Bremen og at kaptein Irgens skal føra skipet. Men avisa fortel også at motorbåten Ola hadde søkke i Oselva etter at han ei tid hadde vore fastfrosen i isen. Og dessutan:

Lønningdal 1 «er byrja i ruta att. Han har vore på slip og vølt maskina. Alstein er slutta. Båtane som går i Midthordlandske Dampskipsselskap no er Lønningdal 1, Herløvfjord og Fusa.»

Den 29. desember har ikkje bladet anna nytt enn at «no er det ikkje mange dagane fyr 1938 byrja». Men sidene skal fyllast, så redaktøren slår til med ei forteljing og dessutan nokre stubbar med overskrifta Skjemt. Ein av dei er denne: Svarte-Per: «Nei mor, eg treng ikkje vaska hendene mine fyr eg gjeng i skule, for eg plar aldri setja handi i veret når læraren spør likevel.» (Til yngre lesarar som kanskje stussar over i-endingane og forma «gjeng»:

Det var ikkje mykje fotografering på Haugsneset i 30-åra, men her er eit av dei sjeldne bileta. Gutane er samla ute på den sletta der russarleiren kom under krigen, og der Iriisfabrikken kom etter krigen – og der vart det spela mange fotballkampar i sommarhalvåret i 30-åra.

Men dette er om vinteren 1938–39, nokre månader før Haugsnesingen kom ut for siste gong. Alle over ein viss alder var med i Lovepatruljen, og nokre av dei har speidariklede på seg. Frå venstre: Arne Kristiansen (med ryggen til), Odd Tveit (med speidarhuvu) og Gustav Moberg. Den høge med dressjakke er Norvald Øvredal. Bak han tittar Knut Olsen fram; i stripete jakke Gunnar Olsen og lengst til høgre Sigurd Tvedt. Han som står med ryggen til og med hendene i lomma, har vi ikkje identifisert, men det ingen tvil om han som står midt i flokken og ser litt tvilrådig ut – det er Harald Vik som i tre år gav ut Haugsnesingen.

Dette er før den store rettskrivingsendringa i 1938.)

Men det var slett ikkje skjemtinga som dominerte i *Haugsnesingen*. Ei sak som vart diskutert gong etter gong, var grensespørsmålet. I 1937 slår bladet fast at «Haugsneset hev me alltid delt upp i tvo luter, øvre og nedre Haugsneset. Men så er det kome framlegg om å dela det i to delar til, ytre og indre». Det var ei så vanskeleg sak at ho vart lagd bort – mellombels. «Saki kjem opp att seinare.»

Det er ikkje tvil om at både redaktøren og dei andre barna på Haugsneset apa etter det dei vaksne gjorde. Dei følgde nok med i det som gjekk føre seg i heradsstyret og andre fora. Det vart jamvel halde «stortingsval» med valkamp og røystesetlar og greier. Men heile valet var forenkla. Det vart valt ein statsminister. Det går ikkje fram av bladet om han fekk noko å seia. Etter at statsministeren var vald, blir han aldri meir nemnd!

Ungane på Haugsneset var tidleg ute med haldningar som er blitt mykje sterkare i politikken i våre dagar: Dei var svært skeptiske til innvandring!

Dei likte lite at ungar frå Osøyro kom over elva og blanda seg inn i dei lokale sakene. Det var elles ikkje så mykje av slik innblanding. Den einaste brua over elva var den gamle brua som enno står, og dermed vart vegen nokså lang.

Fram til bortimot midten av 1930-åra var det ikkje meir enn tre hus på det vi kalla øvre Haugsneset og seks på nedre, men i to av dei budde det eldre folk utan små barn. Barneflokket var ikkje så stor, idrettslaget til ungane (det heitte Seier) kunne ha problem med å stilla 11 spelarar til ein kamp.

Ein stad må grensa gå

Likevel var det liten vilje til å få fleire med. Grensespørsmålet vart rekna som ei sær viktig sak.

Det huset som i dag har adresse Vestre Lurane 17, vart bygd i 30-åra. Skulle det reknast til Haugsneset? Debatten gjekk livleg i spaltene. Den 11. januar 1937 stod dette i *Haugsnisingen*:

«Me vil at nyahuset ved Midthus ikkje skal vera med på Haugsneset.»
Odd Tveit, Harald Vik.

Knapt ei veke seinare fortel bladet at Haugsnesstyret (!) hadde vore ute for å stikka opp grensa og sjå «om nyahuset ved Midthus skulde reknast med på Haugsneset. Dette viste seg vera umogleg.» Og det kom innlegg som var svært så formelle, 10-åringen og 12-åringen som skreiv dette, hadde nok lært ordleggingsmåten i dei store avisene:

FRITT ORD

Herr bladstyrar

Grensestrien på Haugsneset.

Alle som hev lese *Haugsnisingen* veit um grensestrien på Haugsneset. Me som hev skrive dette veit ogso um det.

Me hev lese at dei vil dela det til øvre og nedre, ytre og indre, altså i fire – 4 – luter. Men det vil ikkje me. Og dei vil ogso hava nyahuset med. Det vil me heller ikkje.

Me vil berre hava øvre og nedre Haugsneset.

VYRDSAMT

Gustav J. Moberg og Odd Tveit.

I januar 1938 fortel *Haugsnisingen* at det no er 12 bebudde hus innanfor grensa for Haugsneset, så der er vokster i grenda.

Det som gjorde tilhøva for barna litt spesielle i denne vesle delen av bygda, var nettopp at det var så grsigrendt. Det aller meste var utmark, og det låg godt til rettes for alle slag leik og idrett. *Haugsnisingen* har svært mange omtalar av idrettstevlingar, med resultatlistar der alle deltakarane vart nemnde. Den 14. februar 1938 var det hopprenn i Lienbakken, og både hopplengder og stil vart rekna med. Arne Kristiansen som var eldstemann i laget, hadde det lengste hoppet på 6,5 meter og sigra med 18,5 poeng. Knut Vik vart andremann med 11 poeng. John Moberg hadde same poengsum, men vart nr.3 fordi «Knut Vik hadde betre stil».

Elles er innhaldet i bladet både lokalt, nasjonalt og internasjonalt, og somme tider ordlegg redaktøren seg svært kjapt og knapt, mest som i våre dagars tabloidpresse:

Stormen har hindra båtferdsla mykje

Hambro er attvald til stortingspresident.

I LUFTI er Tyskland sterkast nest etter Sovjet, 3000 fly hev dei. Storbritannia hadde 1500 i fjor sumar.

Og i same nummeret der hopprennet i Lienbakken er referert, er det ein grundig omtale av Tarlebøbakken (i Bergen) som vart opna 20. februar. Det vart sterk vind og snøfok under opningsrennet og farten måtte reduserast, så det lengste hoppet vart berre 32 meter, skriv redaktøren som sakkunnig slår fast at «sjølve bakken er god. Berre at han ligg på feil plass.» (I eit seinare nummer retta han hopplengda til 36 meter)

I utmarka til Ole Moberg Hauge bygde ungane ei hytte som først vart kalla Idrettsheimen, men seinare vart heitande Seiershytta etter idrettslaget. I mai 1938 er hovudoppslaget i *Haugsnisingen*: STORT INNBRUDD I «IDRETTSHEIMEN» Det var stole 50 øre, og fleire vart mistenkte, men nekta plent. Her er litt av reportasjen:

«Det merkelegaste var med ein som stod på Solstrandsgrindi. (Å stå på grinda var å stå klar til å opna grinda for bilstar og få pengar for det.) Han vart spurd om han hadde vore ved hytta på laurdag. Han svara kjapt nei, men vart raud etterpå. So vart han spurd kor mykje han hadde tent. Det sa han. Etter det vart han spurd om han hadde fenge so høg peng som ein 50 øring. Han lukka portemoneen med ein gong.» Bladet opplyser ogso at 50-øringen var frå 1923.

Femti øre var ikkje lite pengar for ungane. Til samanlikning: Eitt nummer av *Haugsnisingen* kosta 2 øre.

Tjuverioppslaget stod i det siste nummeret før sommarferien, og redaktøren ønskte lesarane god sommar, men han la til: Kann henda det kjem ut eit par gonger i sumar i fall det vert stygt ver.

Storm og ulukker

Det var mange innslag om uver og ulukker, slik som denne i januar 1938:

«Natt til fredag hende det ei fælsleg flaumulukka uppe ved Finnabrekksvingen. Den store bekken som kjem frå Oladammen, går ved svingen gjennom vegen som går til øvre Haugsneset. Røyri gjennom vegen er for liti. Heile greida er pitta til av sand og stein. Vatnet fløynde yver vegen og ned i vegen som går til nedre Haugsneset: Vatnet fylgde då vegen nesten ned til Gullaksen. Heile vegen der uppe er øydelagt. Det er umogeleg å køyra med bil.

I 1936 hende det ei liknande ulukka. Då var det ein bekk lenger nede som fløynde yver vegen. Den ulukka i 1936 var mykje større enn den som var no. Skaden er svært stor. Det er no eit stort spursmål um det er Nedre- Haugsneset eller Øvre-Haugsneseet som lyt betala skaden.»

(Til opplysning for folk som ikkje er lokalkjende: Flaumvatnet kom frå øvre, skaden skjedde på nedre.)

I oktober 1938 melder *Haugsnisingen* fleire gonger om «fælsleg storm». Ein dag kunne ikkje rutebåtane gå inn til kaien på Os, dei måtte gå til Hatvik i staden. Ein annan storm var ogso ille, men båtane kom seg til kai på Os, endå Bjørnefjorden stod i eit einaste rok, «men folk som var med fortel at det var ein fæl tur yver fjorden i dag».

Det var ogso mykje kriminalreportasje denne hausten. I hagen til Medås var det to store plommetjuveri:

«Her ein kveld var det tvo bekjente frå Osøyri. Dagen etter var det berre haugsnesingar. Det er ikkje vert å skriva kven det var, men dei skulde hatt mykje juling ... Det er fælt at ein skal stela frukt på Haugsneset, det er då so lite.»

selv. Takk Harald Vik, ja det gamle år, og riktig godt nytt år!

(Meldar)

GRENSESTRIEN.

Når eg no høyrer at grensestrien er byrja um nyhuset skal vera ned på haugsneset eller ikkje, so vil eg få lov å seigja at då byggeplanane var ferdige var ikkje på haugsneset huset skulde stå mendet var det no står. Avifor skal me byrja å striast um n. skal stå på haugsneset ikkje? Huset behøver ikkje stå på haugsneset me er nokk frå før.

(D)

HALD HAUGSNESINGEN
HAUGSESETS ELSTE
BIT OG BIT HA
ÅR.



ein kunde hoppa 11 meter. Det meste var ein 6-7 meter. I neste nr av "Klubbavisa" kjem det fleire fritt ord um saki.

-V-d-

Alle som vil kenn skriva fritt ord um saki i haugsnesingen. Er det nokon som er imot dette stykket so berre skriv.

red.

Små notiser. Skuepalet i "Idrettsheimen" vert utsett til fredag 17 mars kl halv 7. "Løvepatruljen hev meste i "Idrettsheim" onsdag 15 mars kl 19. Godtprogram. Ny fortelling om de 4 uadskillige. Tevlingane um beste fortellingi, vart vunni av n. Vik og Gustav Moberg. Klubbavisa kjem ikkje ut fyrr tirsdag 21

Ein snau månad seinare melder avisa om eit «uvyre epletjuveri hjå Gullaksen. Omtrent alle epli på eit tre vart stolen ... No når plommone er slutt ser det ut til at dei byrjar på epli. Er tjuvane frå Haugsneset, so bør dei passa seg.»

Redaktøren vil nok helst at skurkane ikkje skal vera haugsnesingar. Ved eit anna epletjuveri får ein haugsnesgut først namnet sitt i bladet som mistenkt, men i eit seinare nummer har redaktøren gleda av å opplysa at det var feil og at syndarane var frå Lyssand og Bø!

Bladet har stadig oppmodingar om å teikna abonnement, men ikkje utanom Haugsneset. Likeins som med grensespørmalet vil ein ikkje ha innblanding utanfrå, ein vil ikkje ein gong at folk utanom grensene skal vita om *Haugsnisingen*. Eit harmdirrande FRITT ORD frå Odd Tveit fortel om det: «... at dei kan vera so lompne og gå og sladra nesten runt heile bygda um *Haugsnisingen*. Og fisletutane er ute med snuten sin og fisla kor dei kjeme.»

I ei eigenannonse etterlyser redaktøren «Nye aponentar innan Haugsneset.» Det må vera ei gammal annonse han har teke inn att utan å tenkja så langt framover. For den står i bladet knapt ein månad for *Haugsnisingen* kjem med sitt siste nummer. Den 16. mai 1939 skriv redaktøren om nasjonaldagen og nemner andre land i Europa som ikkje er frie. «Difor skal me vera glade for at me hev vår fridoms-

dag som me enno kan feira. Og vona at gamle Noreg aldri misser sin fridomsdag.» Men etter å ha ønskt alle til lukke med dagen, skriv han om arbeidet med *Haugsnisingen*:

«Då eg tok til var eg 11 år, no er eg snart 14. Eg er ferdig med folkeskulen um nokre vikor og til hausten skal eg konfirmerast. Dermed er eg komen til dørstokken millom born og vaksen. Eg lyt nok rekna med at det minkar med glade barndomsdagar og leik og arbeid som høyrer dei til.

Haugsnisingen er eitt av dei. Den kjem til å slutta med dette nummeret. Eg vil då med same nytta høvet til å takka alle dei som hev halde bladet i desse år. Ei serleg takk til alle som tok imot både meg og bladet. Vonleg vil *Haugsnisingen* og arbeidet med den verta eit gildt og kjært minne frå barndomsåri.

Harald Vik

Framvoksteren av skogkulturen på Søfteland

Av Øystein Søfteland

Omkring førre hundreårsskiftet tok det til å veksa fram ein spesiell skogkultur på Søfteland. Det fekk mykje å seia for det økonomiske og sosiale livet i ei lita og avstengd bygd der det mest ikkje hadde funnest pengar blant folk. Først kom det planteskule i 1899, så vart det skipa ein statleg skogskule i 1912 og i 1923 kom Vestlandske Forstlege Forskningsstasjon. Då Lyseklostergodset tok til å selja skog, kjøpte Statens Forstvesen 50 gardar i Os. Oppsyn og drift i statsskogane og prestegardskogane i Os og Fana fekk også sin base på Søfteland.

Denne framvoksteren hadde sin bakgrunn i den sterke interessa for skog og skogsdrift som greip om seg i 1890-åra og m.a. førte til at Bergen Skogselskap vart grunnlagt. Skogselskapet hadde merka seg at dei nye sjølveigarane som hadde kjøpt seg fri frå Lysekloster i 1870-åra, ofte sat tungt i det. Bergen Skogselskap fekk då kjøpa det meste av den beste jorda på dei fire største sjølveigarbruka i bygda: Sanden 1 og 2, Eikhaug, Søre Søfteland og Nordre Søfteland. Mindre teigar vart seinare også utleigde frå andre sjølveigarbruk. Det vart såleis 25 plantfelt som fekk sine spesielle stadnamn, ofte utfrå det dei no vart nytta til eller av andre årsaker. Eit demonstrasjonsfelt vart heitande «Kongestykket» etter at kong Haakon hadde vitja planteskulen i 1937. Ved det høvet vart det dekt langbord i bøkelen mellom styrarbustaden og tenarbustaden og det var mykje folk og mange bilar i kongeføljet.

Hovudbasen for planteskulen på Slettebakken

Den første tida nytta dei hest når dei pløgde og harva felta, men ofte måtte åkrane ha meir mold. I moldmyrane i Sandaskogen og ved Slettebakken skar dei torv som om vintrane vart køyrd ut på flatane til torking og lagring.

Dei første åra var basen for dei praktiske gjeremåla på gamle Eikhaugen gard med hus og utløe. Men det kom snart fleire nye bygningar. Den nye styrarbustaden stod ferdig i 1903 og i 1907 var den nye

driftsbygningen til planteskulen reist på Slettebakken (der den nye Søfteland skule ligg no). Her var det løe, reiskapsrom, stall, vognhus, pakkhus, fjøs, fryselager (is), landkumme og mäsabinge. Det var ei stor klokke som ringde kl 0730, 1200, 1300 og 1700 i høysesongen som var frå mars til september. Det hende nokre nyårskveldar ungdommar lurde seg inn og ringde utan lov. Mellom styrarbustaden og driftsbygningen fanst det også eit bustadhus for tenestefolk og andre. Hovudbasen for planteskulen låg no på Slettebakken, men skogselskapet styrde framleis bygningane på Eikhaugen og Sanden.

Travle tider – «Tenk på pengane!»

Når mars månad kom, gledde folk seg. Det var mangt og mykje som skulle gjerast, gjerne fleire ting på same tid. Heile sommaren var det eit yrjande liv med mange travle folk, menn og kvinner, vaksne og skuleborn. Borna gjekk på skulen annankvar dag og på dei «skulefrie» dagane var dei i sving på planteskulen, helst som det dei kalla trearar. Dette arbeidet tok til midt i april og vara til ut mai. Det kunne koma både sludd- og haglebyger om våren, så det kunne bli kaldt på fingrane, men plantarane jaga på trearane sine: «Tenk på pengane! Tenk på pengane!» var det ei av plantarane som ropte.

Og litt pengar vart det av det. Flinke plantarar kunne greia opp til 400 raster på ein dag. Nokre resarar greidde jamvel endå meir. I 1935 fekk plantarane 4,7 øre pr. rast og trearane fekk 0,5 øre rasta. I 1955 hadde satsane stige til 7 øre og 1 øre. Og den første lønsutbetalinga kom nett til 17. mai!

Det er ein ting eldre søftelendingar ikkje kan gløyma. Det er «kagabilen» som kom ein gong i veka på forsommaren, fullasta med dokkagar frå Fana. Dei gav frå seg ein fæl stank som heldt seg lenge. Kaggeinnhaldet vart tømt i ein landkumme i driftsbygningen på Slettebakken. Så vart det blanda med mold til det som vart kalla «kaup» (flytande skit). Tørka torv vart laga til mold som vart solda og fordelt på to bingar. Innhaldet i den bingen som hadde den finaste molda vart blanda med kaupet og fekk gjæra sommaren over. Denne blandinga vart køyrt ut på åkrane som skulle nyttast til frøsenger. Den grovare molda frå den andre bingen vart køyrd ut på dei vanlege planteåkrane og pløgd/harva ned i jorda. I 1930 kom det noko nytt - ein jordfresar. Den braut morgonstilla i grannelaget.

Etter gjødslinga vart sengene merkte og spadde opp, nokre til planing, andre til såing. I mange år var det Nils Bergstø og Kristian Åsen



Ein av veiarane i ein arbeidsstudie, Kristi Haukeland Johannesen.

stod for såinga. Dei sådde med hand og dei måtte vera svært nøye. Det skulle vera så og så mange gram frø pr. kvadratmeter.

Hektisk liv i plantefelta

Sjølve plantinga tok til når åkrane var tørre. Dei planta i heile mai månad og fram til skuleferien. Dette kalla dei å prikla (planta om). I denne tida var det eit hektisk liv i plantefelta. Ein plantar og ein eller to trearar utgjorde ei arbeidsgruppe som fekk to parallelle senger å arbeida med. Mange slike plantegrupper heldt til ved sida av kvarandre og det var ikkje fritt for at konkurranseanda gjorde seg gjeldande. I førstninga var det helst mannfolk som vart nytta som plantarar, men etterkvart overtok kvinnene. Det viste seg at dei var raskare og meir hendige.

Plantarane brukte ein spesiell spade og ein eigen teknikk til å spa opp ei ca. 15 cm djup fure på tvers av senga inn mot eit ca 10 cm breitt brett som viste mellomrommet mellom rastene. Veggen inntil brettet skulle vera loddrett og fura skulle gje plass til planterøtene. Når plantaren var ferdig med dette, tok ho med seg spaden, brettet og ei trefive, gjekk fort over til nabosenga der trearen hadde tredd planter i

ein tremaskin som var plassert der brettet hadde lege. Plantene hang då loddrett ned i fura. Plantaren hakka så opp molda som tidlegare var spadd opp, skauv molda ned i fura og dekte planterøtene, jamna fint til, la brettet på plass inntil den ferdigplanta rasta og spadde så opp ei ny fure. I mellomtida måtte trearen ha tredd ferdig tremaskinen med 32 tenner for toårige plantar og 24 tenner for treårige. Det gjekk fort for seg, og det var nok konkurranse mellom gruppene om kven som hadde planta mest når planteskuleklokka ringde og varsla slutt for dagen. Den første tida var arbeidstida frå klokka 0800 til kl 1900, seinare frå 0730 til 1700. Både arbeidsformenn og særleg den mangeårige styraren, Hans M. Skinstad, dukka opp ein gong før og ein gong etter middagspausen og kontrollerte at plantene stod passeleg fast. Den første arbeidsformannen var Anders Sanden som fekk premie for å ha konstruert plantereiskapane som vart nytta både i hans tid og seinare. Andre arbeidsformenn var Ola Andersen Søfteland, Malvin Nordvik og Johannes H. Søfteland. Johannes vart seinare styrar på filialen i Florø. Mest kjend var nok den legendariske Nils Hansen Søfteland (Hansa-Nilsen). Nemnast må og filialen som etter krigen vart sett i gang i Etne under leing av Leiv Skinstad, son til styraren på Eikhaug planteskule.



Eikhauggarden t.v. etter at undervisningsfløyen er påbygd og forsøksstykket framfor er stelt i stand.

Mange hender i arbeid

Planteproduksjonen kravde innsats på mange måtar, særleg i høgseongen. Det måtte mykje folk til for å greia alle arbeidsoppgåvene. Dei ferdigplanta sengene skulle reinskast for ugras, og det var mange kvinner som meinte giktplagene dei fekk seinare i livet, skreiv seg frå den tida då dei sat eller låg i den fuktige molda. Elles skulle det fjernast lyng, plantene skulle takast opp og sorterast i toårige og trårige, dei skulle buntast i kassar og transporterast til pakkhuset, dels til pakking for omplanting, dels til pakking for utsending. Eilef Røykenes var sjef i pakkhuset og det var hektisk for medhjelparane hans å halda tritt med han når to- og treårsplanter skulle pakkast og fraktast ut til åkrane til omplanting. Og planter med mose og jutestrie skulle pakkast, merkast og sendast ut i distrikta. Planter som ikkje vart utsende, vart lagra på hyller i kjølerom som vart nedkjølte med isblokker dei hadde skore på Vindalsvatnet om vinteren. Det vart skore lyng som vart frakta med båt og lyngbåre og send vidare med båt eller hestetransport. Mose vart plukka i kassar og lagra i mosehus.

Leiar for transporten innanfor planteskuleområdet var lenge Inge-
mar Skjønberg som var eit markert innslag med dei to fine hestane han brukte. Med firehjulsvogna bar det i full fart til og frå dei 25 plantefelta med reiskap, folk, planter og anna last. Men i 1947 fekk planteskulen sin første traktor og nokre år seinare traktor nr. 2. Då vart det slutt med hestane.

Planteskulen kunne ha opp til 100 personar i arbeid for det meste. Då er skuleborna medrekna. I dei vanlege høgseongane var det omkring 75 personar i arbeid.

I 1920-åra vart det produsert 2,5 millionar planter i året. Frå 1899 til 1929 vart det sendt ut 54 millionar planter.

Då den privatdrivne Bergstø Planteskule kom i drift, kunne det stundom oppstå forveksling. Eikhaug planteskule vart nedlagd i 1962. Fagfolka hadde kome til at det var for kaldt og for mykje trekk på Søfteland. Planteskulen vart flytta til Ulvik i Hardanger. Skogselskapet selde mykje av plantefelta og eigedomane til etterkomarane etter tidlegare eigarar, noko vart selt til Os kommune, noko til private og noko til offentleg bygging og verksemd.

Skogskulen

I 1912 vart Statens Skogskule skipa på Eikhaugen i dei ledige lokala etter planteskulen som Bergen Skogselskap framleis disponerte. Det vart bygt ei ny fløy vinkelrett på det gamle gardshuset. Der heldt dei til med undervisninga. Elevane kom frå alle kantar av landet, men to var frå Søfteland: Bernhard Haukeland og Jørgen Henriksen Søfteland. Inntakskravet var praksis frå skogsverksemd. Jamt over var det 16 elevar i klassen. Styrar var bergensaren Reidar Blytt som også var forvaltar av statsskogane i Os og prestegardsskogane i Os og Fana.

I den første tida budde tilreisande elevar hos private huseigarar, men i 1919 vart det ført opp eit relativt stort internatbygg på eit område ved nordenden av Vindalsvatnet. Der vart det bustad for elevar og lærarar. I kjellaren på internatet var det kjøken og matsal. Elevane var på skogskulen i eitt år og dei var på ekskursjonar i lokale skogsområde i Stokkedalen, Raudlio, Ulven og prestegardsskogane, men dei reiste også til Sogn.

Skogskuleelevane og lærarane kom til å prega det sosiale livet i bygda. I 1916 fekk Søfteland bedehus og i 1918 ungdomshus. Det vart skipa idrettslag i 1919 og fleire av skogskuleelevane var gode skiløpa-



Skogforvaltar Reidar Blytt t.h. som fange frå Espeland fangeleir på gardskommando. Her ein avstikkar til tømmerkoia i Stokkedalen.

rar, ein av dei var mellom dei beste i landet på den tida. Ungdommane på Søfteland tok snart etter stilen hans - diagonalgang!

Styraren på skogskulen, Reidar Blytt, vart formann i ungdomslaget og han var også med i songlaget som vart stifta. Fleire av skogskuleelevane gifte seg med jenter frå Søfteland og styraren på planteskulen, Hans M. Skinstad som var frå Odalen, hadde gifte seg med ei jente frå bygda, Anna Hansdotter Søfteland.

Skogskulen vart nedlagd i 1923 fordi han fekk for få elevar. Internatbygningen vart ståande og i 1939 vart han forlegning for norske soldatar som var innkalla til nøytralitetsvakt. Året etter overtok den tyske okkupasjonsmakta bygningen. Internatet brann ned vinteren 1941, men vart oppattbygd året etter. Etter krigen vart det nytta til bustader på grunn av mangelen på husvære.

Vestlandske førstlege forsøksstasjon

Forsøksstasjonen vart skipa i 1915 og heldt til ved Bergens Museum fram til 1923 under leiing av professor Oscar Hagem. Staten overtok stasjonen i 1924 og flytta verksemda til Eikhaugen. Styrar var professor Anton Smith. I 1929 kjøpte han dei gamle husa av Bergen Skogselskap. Det følgde med 14 dekar innmark til forsøkskage. Det kom i gang samarbeid med planteskulen som også hadde drive med ymse planteforsøk. I 1955 vart verksemda flytta frå Eikhaugen til Stend i Fana under namnet Norsk institutt for Skogforskning. Det er framleis i drift der. Eigeidomen i Eikhaugen vart seld tilbake til skogselskapet.

Ei hovudoppgåve ved stasjonen var å skaffa frø. I den første tida dreiv dei med frø av utanlandske treslag, men seinare fekk stasjonen

arbeid med å fastsetja område for alt plantemateriale på Vestlandet. På fagspråket snakka dei om rett proveniens, dvs å finna det treslaget som var det rette til eit område.

I 1932 tok stasjonen til klengja frø, å vinna frø ut av konglar. Før den tid hadde det vore gjort ved statens klengjestove på Voss. To klengjer, store rullerande varmetromlar som vann frø ut or konglane, vart plasserte i den tidlegare undervisningfloya på Eikhaugen. Ein del konglar vart plukka i nærrområda. Det vart litt å tena på det for ungene. Men storparten av konglane kom i sendingar frå distrikta. Det var i hovudsak furukonglar dei klengde, men i den siste tida verksemda var driven på Sjøfteland, var plantingar av vestamerikanske treslag komne opp i kongleberande alder og 1954 vart det første store frøåret for sitkagran. Tromlane - klengjene - står no lagra på Stend, men det er meininga at dei skal flyttast til jordbruksmuseet i Hamar

Statens forstvesen - statsskogane

Dei store skogane som staten hadde kjøpt frå Lyseklostergodset måtte ha ei forvaltningsordning og Reidar Blytt som var styrar på skogskulen så lenge den var i drift, var også skogforvaltar for statsskogane i Os og prestegardsskogane i Os og Fana. I 1934 vart Hordaland og Sogn og Fjordane slått saman til eitt skogforvaltningsdistrikt og Blytt vart den første skogforvaltaren for heile distriktet. Han flytta då frå Sjøfteland til Fana

Sjøftelendingen Bernhard Haukeland som hadde vore assistent for Reidar Blytt og som m.a. hadde vore den som styrte med frøutvinninga i klengjene, vart tilsett som vakt og skogmann i statsskogane i Os. Han tok seg m.a. av blinking, planting, grof팅, rydding, grenseset-

jing, registrering av skadedyr (snutebilen), han tok ut vyrke til tresko og tok seg av andre oppgåver som melde seg. Han skaffa arbeidsfolk til å hjelpa seg med alt dette og han køyrde hest i skogane. Det var særleg i Stokkedalen, Raudlio og ved Ulven det var stor aktivitet. I Stokkedalen vart det bygd ei tømmerkoie der arbeidsfolk budde og der dei også hadde hestane inne i same rommet i kalde vinternetter. Tømmeret vart delvis køyrt på isen, delvis fløyta på Raudlivatnet, Gåssandvatnet og Bergstovvatnet til ein veltepass nær Storestraumen. Der vart det bygt eit stort båtnaust reiskapsbus og staden vart kalla «Blyttaneset». Fram til veltepassen vart det lagt eit sidespor for Osbanen. Det var jernbanen som sytte for transporten vidare.

Både tømmerkoia i Stokkedalen og båtnaustet på Blyttaneset står der den dag i dag.

Kjelder

Lydbandopptak med Bernhard Haukeland og Nils Hansen Sjøfteland

Samtalar med Aslaug Skinstad Langeland, Ingemar Skjønberg, Kristi Haukeland Johannesen m.fl.

Videoopptak med Nils Gaassand og Georg Gaassand

Artikkelforfattarens praksis som trear før krigen og som hospitant 1949-50 under rettleiing av skogforvaltar

Meidell og oppsynsmann Bernhard Haukeland

Artikkelforfattarens foredrag isb «Grøn Framtid» i Os

Jubileumsskrift til Bergen og Hordaland Skogselskap sitt 75-årsjubileum 1974



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 - 5203 Os
☎ 56 30 29 50 - Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

OSELVERE I GULL OG SØLV



GULL

Lite smykke m/kjede 790,-
Stort smykke m/kjede 1690,-
Liten slipsknapp 690,-
Stor slipsknapp 1590,-

SØLV

Lite smykke m/kjede 150,-
Liten slipsknapp 98,-
Stor slipsknapp (pås) 150,-

Alt produsert på eget verksted

Os Sentrum
56 30 04 84



Amfisenteret
Flåten - Os
56 30 02 77

Roser Gartneriutsal

Erling og Terje Lunde - Gartneri
5200 Os - Telefon: 56 30 40 70

Heradstyret 1904

Os Herredstyre 8. Februar. Sak: *Forespørsel fra Amtet hvilke Veiarbeider ønskes bragt til Udførelse inden et Tidsrum af 20-30 aar: 1. Udbedring af Hovedvei til Hatvik. 2. Boderne – Norvik. 3. Lepsoe – Sjeie. 4. Hagevik – Sjeie – Moberg – Osøren. 5. Nordstrønen – Metesbakken. 6. Søfteland – Lysekloster. 7. Hagevik – Ulven st. 8. Ulven – Kuven – Osøren. 9. Drange – Askvig.*

Same dato: *Herredstyrets Beslutning om Oprettelse af ny Lærerpост i Søfteland Kreds paa Opsigelse vedtages enst.*

Same dato: *Til Gjerde om Skolehuset i Nordstrønen bevilgedes det fornødne. Peder Nordstrønen paalagdes at forestaa Arbeidets udførelse.*

Os Herredstyre 11. Mai. Sak: *Andragende fra R. Walle om Brønd paa Skolejordens Eiendom indvilgedes for hans Hus mod kr. 1,- Aarlig Afgift.*

Os Sognestyre 2. juni. Sak: *Broen ved Meieriet besluttedes repareret og Arbeidet bortsat ved Lisitation. (Lisitasjon=anbud)*

Same dato: *En Landbrugs- og Industriudstilling bliver at afholde til Høsten. Der bevilgedes til samme kr. 75,-. Som Kommitè til at forbedre Sagen vælges Annanias Tvedt, Steffen Grindevold, Erichsen og Fotograf Berg.*

Same dato: *Kr. 15,- bevilgedes til Pagteren paa Prestegaarden for Udstillingsplads til Kaaringskue. Kr. 10,- bevilgedes til Hjælp ved Dyreskue.*

Same dato: *Med hensyn til Kommunehuset besluttedes: I Blaastuen trækkes med Bygningspap. Dørene repareres. Ny Ovn mod Brandmur, mer Maling ude og inde. Garver Hægland og Fotograf Berg anmodes om at faa Arbeidet udført.*

Os Sognestyre 16. juli. Sak: *Skrivelse fra Politimester Hagemann hvori gjøres gjeldende at der paa Osøren bør ansættes Politi, og henstiller han til Kommunestyret at bevilge til Oprettelse af en saadan Post. Enst. Udtalelse: Kommunestyret finder ikke Forholdene paa Osøren saaledes som af Politimesteren anført, hvorfor nogen Forføyning som anført findes upaakrævet.*

Os Herredstyre 26. Oktober. Sak: *Skrivelse fra Skolestyret hvori foreslaaes 3-delt Skole for Søfteland Kreds fra Nytaar 1905. Herredstyret fandt fortiden ikke at kunde gaa med paa Forslaget – nedstemt.*

Same dato. Sak: *Andragende fra en del af Hæglandsdalens Opsidere om Herredstyrets anbefaling til Statsbidrag til Sænkning af Vandene samt garantere mulig Erstatningskrav. Andragende indvilges idet Opsidderne overtager Andsvaret overfor Kommunen vedkommende muligens Erstatning.*

Same dato. Sak: *Ansøgning fra Lærer Midthus om Pensjon, da han paa grund af Sygdom har opsagt sin Post fra 15. Nov. d.a. – Enst. Besluttedes: Af budgetmessige Hensyn samt frygt for mulige Konsekvenser kan man ikke – saa gjerne man end vilde – at indvilge Andragendet.*

Os Sognestyre 26. Oktober. Sak: *Andragende fra den afgaaende Jordmoder Møland om Pensjon. Andragende indvilgedes enst. Med kr. 30,- pr. aar, under Forudsetning af Statens sædvanlige.*

Os Herredstyre 27. December. Sak: *Et Andragende om forøget Stadsbevilgning til Rod – Øvredalsveien indsendes med noe bedre anbefaling.*

Sak: *Med vask og Renhold menes at vedkommende selv holder sig de nødvendige Redskaber hvorfor besluttedes mod 4 st. Kan passere uden Følger for Fremtiden.*

Sak: *Fornytt Andragende om 3-delt Skole i Søfteland Kreds. Den i siste Møde fattede Beslutning fastholdes mod 4 st.*

Os Sogns Budget for 1904

Udgift:	
Fattigvæsenet	Kr. 3.250,-
Jernbanen.....	» 1.440,-
Veivæsenet.....	» 400,-
Veivedligehold.....	» 100,-
Kassereren	» 100,-
Sognepræsten	» 1.000,-
Sloid	» 20,-
Biblioteket	» 70,-
Klokkeren	» 330,-
Uforudsatte Udgifter	» 230,-
.....Sum Kr.	8.350,-

Indtækt: Refusion	Kr. 400,-
Indtækt af Kommunehuset	» 150,-
Ølafgift	» 300,-
.....Sum Kr.	850,-
Rest Kr	7.500,-

Som udlignes med kr. 1,- på Matrikullen og Ræsten paa Ligning




Barnesider

ved 7. klasse, Lysekloster skule

Kryssord

Kryssord



Haustdikt 1

Haustvinden er så kald og våt,
når han ruskar meg i håret.
Eg traskar gjennom gule blad,
og kjenner at eg blir våt på låret.

Skogen er vorten fargerik og fin,
og vegen er dekt av visne blad.
Eg tek til meg den friske lufta,
trallar, syng, og kjenner meg glad.

Plutselig kjem det eit skarpt lys,
og så kjem det eit kraftig brak.
Lynet, tora og hausten er komen.
Spring, spring! I munnen får eg blodsmak.




Haustdikt 2

No har hausten teke over makta.
Onkelen min går på hjortejakta.

Vi går med tjukkare labbar,
og på hytta lyser vi etter krabbar.

Når det regnar har vi paraply,
og løper for å finne ly.

Medan det er surt og kaldt ute,
kan eg kose meg på mi pute.



Fjordhesten

Fjordhesten er ein sterk og sjarmerande hest.
Fargen er alle nyansar av blakk med ål langs ryggen. Han har lite hovskjegg og korte, sterke bein, og han er ein viljesterk og flittig arbeidar, tøff og hardfør.

han er nøysam og lever lenge.

Fjordingen er Noregs nasjonalhest, og kjem opprinneleg frå Sørlandet. Han stammar frå den mongolske villhesten.

Veit du at i Amerika er fjordhesten svært verdifull? Der kan prisen kome opp i 100.000 kroner.

Vitsar

Alle barna var fattige med unntak av Frode, han kunne pappa sin minibankkode.

Høyr hos svenskane: 60 svenskar var innelåste i eit kjøpesenter. Straumen hadde gått. 8 var i heisen og 52 i rulletrappa.

Kannibalfaren: Var den nye læraren god?
Kannibalbarna: Litt salt, elles god...

Det svenske forsvaret har valt å bruke strikkelue i staden for hjelm. Dei slapp ei strikkelue ned frå 30 meters høgde, og den var like heil, mens hjelmen blei heilt knust.

Løysing på kryssordet

Vassrett:
2 = hus
4 = flagg
7 = brann

Loddrett:
1 = mus
3 = ball
5 = egg
6 = bok
8 = tapp

Gåter

Kva for eit språk kan alle snakke?

Motmæle

Kva for ein hage treng du ikkje å vatne?

Bruktgarden

Kva får alle kinesiske barn anten dei er snille eller slemme?

Ris

Kva er likskapen mellom ein norsklærer og ein langrennsløpar?

Beide er gode til å stave

Kvifor spinn edderkoppa spindelvev?

Forbi pan ikkje kan vev

Å vera småjente på Lio

av Aslaug Aadland tilrettelagt av Åsmund Lien



Eg vaks opp på garden Lio i Hegglandsdalen. I heile Os fanst det knapt ein gard som var så bratt og tungdriven som Lio. Difor vart mange av dei gamle driftsmåtane haldne ved lag lenge etter at moderne reiskapar og utstyr var teke i bruk andre stader. Som på dei fleste gardar var det framleis eit tydeleg skilje mellom mannfolk- og kvinnfolkarbeid då eg var småjente.

Matstell og hushald var det husmora som hadde ansvaret for. Mor kom tidleg bort, eg var vel ikkje meir enn 8 år då ho fekk tuberkulose, og 11 år då ho døydde. Dermed vart det Besto som hadde

husmoransvaret heime. Me leid ikkje noko naud, men eg misunte ofte veninnene mine som alle hadde mor si. Besto var så gamaldags, ho forstod meg ikkje alltid, syntest eg. Fjøsstellet var òg kvinnfolkarbeid. Mannfolka stelte hesten, men gjorde ingen ting i floren. Korkje far eller brørne mine kunne mjelka. Naboen vår gjekk med i floren, og det syntest me var rart, det passa seg liksom ikkje for ein mann å gjera slikt arbeid.

For kvinnfolka var vinteren tida ved rokken og veven. Før jul sat dei ved rokken. Først skulle ulla grøypast, det fekk gjerne me ungene vera



med på. Så karda dei tullar, og så spann dei tullane til tråd. Etterpå tvinna dei den tråden som skulle bli sokkar og andre strikkevarer, men det som skulle i veven, skulle vera einjegna. Etter at eg vart med på det, kjøpte me varpet (renningen) til veven, men veften (innslaget) spann me sjølve. Tidlegare spann dei alt sjølve.

Når kvardagen kom etter julehelga, var det tid å få opp veggogna. Først rende dei veven på den store rennebommen i kjellaren, så måtte gogna setjast opp. Delane til veggogna stod på stabburet, og det var mannfolka som måtte få dei på plass og få sett gogna saman,

for somme av delane var tunge. Seinare var ikkje mannfolka i nærleiken av veggogna før ho skulle i stabburet att etter bruken. For at den som sat i veven skulle sleppa å gå ut or gogna, var det oftast ein unge i nærleiken som kunne hjelpa til når det skulle «vittast fram», det var å vinda den ferdige veven inn på «klokkaren», og vinda litt renning av «presten», og strekkja veven att så den som vov kunne fortsetja arbeidet.

Men det aller vissaste arbeidet heile vinteren, var spøtet. Me brukte heimespøta sokkar, og me var mange i huslyden som skulle ha sokkar, så det var å sitja med spøtet når me hadde ei ledig stund. Eg lika godt å lesa, og las kva eg kom over, og hadde gjerne boka framfor meg på bordet når eg spøta. Men høyrde eg Besto kom gjennom gangen, så var eg snar å stikka boka vekk så Besto ikkje såg at eg sat og las.

Når sokkaføtene var utslitne, så klipte me dei av og spøta nye føter på dei same leggene. Sume tider klipte me av berre hælen og tåa, og spøta ny hæl og tå. Andre ting, som trøyer og gensarar strikka me sjølvsagt også, men til det kjøpte me tråden.

Vårarbeidet byrja med å køyra ut møka. I dei bratte bakkane heime kunne dei ikkje køyra, dei måtte leggja møkalassa ved foten av bakken, og så bar me ei og ei greip med møk litt oppover i bakken, lengre oppe i bakken fekk det greia seg med kunstgjødning, øvst ingen ting, men me slo heilt til topps. Møkakasting var vel i grunnen mannfolk-arbeid, men i alle fall heime hos oss var også kvinnfolka med på det.

Når smalagardane skulle tomast, måtte me finna fram pikkene, for her var møkalaget blitt både tjukt og hardt i løpet av vinteren. Det var eit tungt og trasig arbeid, men trasigaste arbeidet var å tømme dokummen. Då måtte ein av ungene stå ved ei luke i skykkjegolvnet og rota i dokummen med ei lang stong med ei lita fjøl på enden, for at ikkje det tjukke skulle setja seg fast i holet når dei tappa ut i dotynna som dei køyrde det ut i og spreidde det på bakkane. Me var nok ikkje så villige til å gjera dette, men å nekta nytta nok ikkje.

Då eg var lita, hadde me alltid korn, havre eller bygg, eller begge delar. Først kasta dei møk over heile åkeren, harva, sådde kornet og harva det ned. Grønsaker og poteter hadde me òg. Når me sette poteter, stilte store og små på åkeren. Far styrde hest og plog, og så hadde alle dei vaksne kvar si hakke som dei jamna ut plogfura med, einkvan strøydde kunstgjødning, og me ungene sette potetene. Så ploygde dei over att, og det heile gjentok seg til åkeren var ferdig. På Lio var det ikkje så mange stader som eigna seg til åker, flater var det lite av, så dei som var måtte brukast til åker nesten støtt. Då måtte det drivast vekselbruk, poteter eitt år, korn det neste, gjerne grønsaker eitt år, og så av og til nokre år som eng. Far hadde òg brote opp eit par flater ute i marka, der hadde me poteter og korn.

Sauene måtte klyppast vår og haust. Det var kvinnfolka som klypte, men mannfolka henta sauene i smalmuset og fekk dei på rygg i fanget åt den som skulle klyppa. Då måtte det vera ein unge som kunne halda bakføtene på sauene så han ikkje fekk sparka seg laus. Når dei hadde klypt ulla under magen, batt dei saman alle føtene på sauene, og den som hadde halde, var fri. Men det var også ungene sitt arbeid å sopa opp smalaparlane og turka opp dammane under sauerompa.

Kring 17. mai løyste me, det vil seia sleppte kyrne i marka. Den dagen me løyste, måtte alle vera med, for då gjekk det helst livleg føre seg. Alle var utstyrt med kvar si spesiellaga piske som me skulle halda styr på kyrne med. Dei hadde stade inne sidan i haust, og var yre og kåte når dei vart sleppte ut lause. Dei sprang med rompa i veret og sprette på bakføtene, så me måtte vera raske på føtene for å fylgja dei. Det vart alltid litt slåsting for å finna ut kven som var den sterkaste og skulle ha styringa denne sommaren. Då vart det bruk for piskene våre, for det måtte ikkje gå for hardt føre seg. Me gjætte dei nokre timar, då var det verste over.

Me henta dei heim att dei fyrste kveldane, så «la me ute», og då måtte me gå «på stølen». Kyrne kunne gå over alt i heile marka, frå sjøskorane til høgaste åsen, og frå bøgarden til skiftegarden mot Eide, så det var aldri råd å vita kvar me kunne finna dei. Sidan mannfolka ikkje kunne mjelka, var det alltid kvinnfolkarbeid å gå på stølen. Det var eit tungt arbeid, og var det ruskaver var det både tungt og ufyselig.

Først i juli byrja me å slå. Men slåtten på Lio var ikkje lik slåtten på andre gardar på den tida. Andre stader brukte dei både hestelåmaskin og annan hestereiskap. På Lio var det for bratt for det, og me måtte klara oss med ljæn og riva. Det var ungearbeid å dra slipesteinen, og når det var 3 – 4 langorvar og endå fleire stutturvar som skulle slipast, røynde det armar og rygg for den som drog slipesteinen. Langorvslåtten var mannfolkarbeid, men stutturvslåtten måtte også kvinnfolka vera med på når dei hadde tid. I min aller tidlegaste barndom slo dei alt frå bøgarden til skiftegarden mot Rød i Ølskoro. Det var godt over ein kilometer, lengste delen innanfor husa. Det var utløe i Ølskoro som dei hadde høyet i, så køyrde dei det heim på vinteføre. Når dei slo i Ølskoro, kunne dei ikkje gå heim og eta, det var for langt, då kom mor med mat, frukost, middag og non. Så var ho nok med i arbeidet ei stund, til ho måtte heim og henta neste måltid.

Slåtten var ei hard tid, både i solskin og regn. Ungane var aldri ute når det regna, berre viss me måtte «gå med grinda». Når far hadde fått hesjestaurene på plass i staurahola, var det ein av ungene sitt arbeid å gå med strenggrinda og vinda strengen rundt hesjestaurene så far fekk stramma til. Me hesja med hand, ikkje med høygaffel. Me riste graset ut i eit jamt lag og la det på hesjestrengene. Det måtte ikkje vera for tjukt, for då turka det for seint, men det måtte heller ikkje vera for tunt, for då gjekk det for lite i hesa. Når høyet var turt, vart det køyrt inn på låven og kasta i ein dunge i låa, og så var det ungene sin jobb å dra det utover i høystålet.

Men det var ikkje alle stader på Lio at dei kunne koma fram med hest og høyvogn. Då måtte me bera det på ryggen. Då bar store og små, store og små bører. Frå Inste Øvrebøen måtte me bera høyet heilt år låa, men på Yste Øvrebøen bar me det ned på kanten, og så firde me det på firestreng ned til Vetlaløo. Dette var småhøy, smålahøy, det var ikkje gjødsla i min barndom. I dei hengjebratte liene opp til Høgestølen og Sniqlabakken måtte me raka graset heile brekkene ned og breia det nede ved veggen.

Etter mange strevsame veker var me endeleg ferdige med slåtten, og då måtte me få slättegraut. Det måtte vera ein ekte slättegraut, og så sa Besto at dette var slättegrauten. Sa ho ikkje det, kunne dei etter gamal skikk krevja slättegraut ein gong til.

Så snart slåtten var unnagjort, var det bæra som stod for tur. Me hadde mykje hagebær, og solbæra kom fyrst, så ripsen og så stikkelsbæra. Det var ungene sitt arbeid å plukka bær, medan dei vaksne kvinnfolka sylta og safta.

Ungane var med på alt som måtte gjerast på garden, og det gjekk slag i slag året rundt. Når bærstellet var unnagjort, bar det til med logging, håslåtten måtte takast og kornet måtte skjerast, treskjast og drøftast før dei reiste på kverna med det, poteter og grønsaker skulle i hus. Sauene var komne heim att, og sommarulla skulle klippast. Så var det slaktning, fyrst sauene som ikkje skulle setjast på til vinteren, og til slutt grisen.

Slaktninga var den siste store økta. Far slakta sjølv med hjelp av ein annan vaksen, og så var det eit kvinnfolk med og rørde i blodet så ikkje det skulle levra seg. Smalaskrottane vart hengde opp inne i Vetlaløo, og kvinnfolka tok innvolane med seg til bekken og skylde dei. Det var eit ekkelt arbeid, og ofte veldig kaldt. Me hadde gjerne med ei bytte med varmt vatn som me dyppa hendene i når det vart for kaldt. Når tarmene var skylde, skulle dei barast. Det var alltid Besto sitt arbeid. Då heldt ho til ved grua i kjellaren. Der hang det ei lita gryte over elden med varmt vatn i. Oppi det vatnet la ho ein tarm om gongen. Der låg han ei lita stund, så la ho han på ei fjøl og skrapte han med ein kniv. Det galdt å få av han alle tarmtottane; gullande reine måtte tarmene vera, for dei skulle me koka blodpølse i.

Det var travle dagar, for det var mykje som skulle gjerast med slaktematen. Slaktet skulle parterast, og det meste av kjøtet måtte saltast, det var einaste måten å bevare det på. Til den bruken hadde me ein diger, rund stamp på stabburet. Det var far sitt arbeid å salta kjøtet, men fyrst måtte kvinnfolka koka brakalog og vaska stampen med, og alt som elles skulle brukast ved stellet av kjøtet, for alt måtte vera gullande reint. Brakalog laga dei ved å fylla vatn i den store koparkjelen, putta godt med brakabusker i og koka det. Og så var det far sin tur med saltestampen. Først strøydde han salt i botnen av stampen, så la han eit lag med kjøt, så salt over, og slik lag for lag til alt kjøtet var i stampen og var dekt med salt. Slik skulle kjøtet liggja i 1-2 dagar, og så vart det laka. Etter å ha lege i lake i 6 – 8 veker vart det røykt og hengt på stabburskammerset, der det skulle hengja til gauken gol. Då var det i speke. Like før jul skulle grisen slaktast. Då var det same styret som med saueslaktninga, og endå kaldare i bekken der me skylde tarmene! Men når så julafta kom, kunne me lata helgefreden siga inn over oss, for det var ikkje det kavet med julepakkar og styr som det er no. Det var helg og julefred. Mykje god mat hadde me, men det som sit att i minnet er helg og høgtid, ro og fred.

Og når jula var over, var det til med spøtet og vevgogna att.

Alle har en historie – også forsikringssselskapet Gjensidige NOR

I årevis har vi forsikret liv, helse og verdier for privatpersoner, næringslivet og landbruket. I en tid med stadige endringer er vi fortsatt et selvstendig, kundeid forsikringssselskap som tilbyr trygghet. Dette mener vi gjøres best ved å være nær der bedrifter er, folk bor og ting skjer.

Vil du vite mer om våre forsikringstilbud og tjenester kan du kontakte et av våre mange kontorer, se gjensidigenor.no eller ringe oss på 03100.



**Gjensidige
NOR**

Forsikrer liv, helse og verdier

Losje «Ole Bull»

av Kåre Herdlevær

Å skriva om losje «Ole Bull» i lokalhistorisk årsskrift for Os er bokstaveleg tala eit grensetilfelle. Losjen vart stifta i forsamlingslokalet «Skogheim», som ligg i Nordvik. Men sidan Lysøya ligg i Os og losjen hadde medlemmer både frå Nordvik krins og Lysekloster krins, finn eg det likevel forsvarleg.

Losjen vart skipa 24.januar 1909, som «loge nr.1034» i Noreg, tilslutta Den Internasjonale Godtemplarorden.. 21 personar hadde skrive under eit opprop om å skipa losjen. 6 av dei budde på Os-sida av grensa. For Os Mållag kan det vera av interesse å vita at det alt frå starten vart vedteke å nytta «landsmaalsritualet». Takka for dette går til Arnt Løking, som var lærar ved Nordvik skule i mange år før han flytta til Nesttun..

Namnet

Med Ole Bull si øy og villa «like utanfor stovedora» var det kanskje ikkje så underleg at namnet på losjen vart «Ole Bull». Men det kan sjå ut, frå eit seinare referat, at det ikkje var bede om løyve til det på førehand, frå familien til kunstnaren. Frå 35-årsreferatet saksar eg: «Løking fortalde so om korleis det bar til at losjen her i fjorden fekk namnet «Ole Bull» den dagen han vart skipa for 35 år sidan. Losjen fekk **sidan** (utheva ev meg) lov av fru Bull til å bera namnet. Ho gav losjen eit vakkert bilete av Ole Bull og kr. 50,- i pengar. Med det var losjen rettkome til namnet sitt.»

Medlemmer frå Os

Den første «Medlems Fortegnelsen» frå 1909 til 1920 viser at det etter kvart kom fleire medlemmer med etternamn frå Os-sida av kommunegrensa. Namn frå dei fleste grender i Lysekloster krins borgar for det. Fleire av desse hadde viktige ombod i losjen. Ingvald Søvik var ein av desse. Då han døyde i 1967, hadde han 54 års medlemsskap bak seg. Han var i ei årrekke losjeforstandar. Andre var Anna og Alfred Gjersvik – han skulestyrar ved Lysekloster skule i mange år – som vart opptekne som medlemmer 11.april 1937. Frå møteboka: «*Me var so hegne å ha fått lærar Gjersvik mellom oss*». Begge to la ned mykje arbeid både i losje Ole Bull og seinare òg i barnelosje «Lyshorn». På 60-årsfesten i 1979 vart Alfred heidra med Veteranelle og Anna med Veteranknapp frå Noregs Storlosje, for langt og trufast arbeid som godtemplar.

På eit møte vinteren 1945, før «freden braut laus», var det eit «skred» med opptak av medlemmer frå Lyseklosterkrinsen: Lars Fossen, Alfred Søvik, Maria Søvik, Magne Søvik, Lars Drange, Asvald Bjoer-



Arnt Løking, som tok opptaket til losje Ole Bull, talar på 60-årsfesten.

vik, Olaug Drange, Inger Drange, Helga Drange og Ellinor Balland. Om ikkje i fråhaldsarbeidet, så har fleire av desse sett merke etter seg, både i lokalmiljøet, organisasjonslivet og det politiske liv i Os.

Medlemstalet stabiliserte seg på mellom 50 og 60 i åra fram til 1920. Men i alle lag går det opp og ned, men eit snitt på mellom 25 og 40 var stabilt i mange år. Framover til siste møtereferatet, som er datert 25.nov. 1983 går medlemstalet sakte men sikkert nedover. Losjen vart vel etter kvart meir som ein klubb å rekna, for dei mest uthaldande.

Barnelosje

Alt på møtet 31.okt. 1909 vart det vedteke å starta barnelosje. Entusiastane, som hadde starta losjen, lag såleis ikkje på latsida. Barnelosje «Håkon» i Fanabygda var lagt ned. Den nye barnelosjen under losje «Ole Bull» tok så dette namnet. Lærar Arnt Løking var ei drivande kraft i barnelosjearbeidet. Han vart seinare øvste leiar for barnelosjane i Noreg, Storbarnelosjeleiar.

Også interessa for barnelosjen veksla, mykje på grunn av barnetalet i Nordvik krins. I møtereferat frå 1939 står det: «*Det vart elles tala um å få ein ny barnelosje med møtestad i skulehuset i Uradalen. Der var mange*



Barnelosje «God Vøn» på Osøyro ca. 1915. Ståande frå v.: Hans Midtsæter, Marie Fløysand, Ingebrigt Bjørn, Brita Moberg, Hilda Boe (gifi Veivåg, Austevoll), Magdalena Hauge (gifi Moberg-Hauge). Framme frå v.: Bjarne Moberg, Martin H. Lyssand, Barbra Hauge (gifi Waagaard), Alf Lyssand, Marta Kobbeltvedt (gifi 1. Skagen, 2. Klyve), Johannes J. Bø, Knut Midtsæter.

born som hadde hug å vera med, dei fleste hadde lang veg å gå skulde dei vera med på barnelosjemøta på Sagstad, difor vilde det hova godt med ein ny barnelosje, og der var mange born som vaks til medan det berre minka i Nordvik-krinsen». Det gjekk likevel 5 år før det vart barnelosje i Lyseklosterkrinsen. Alfred Gjersvik var ei drivande kraft også her. Den 30. jan. 1944 vart det skipa ny barnelosje med base i skulehuset i Uradalen (det gamle skulehuset i Lysefjorden). Den fekk namnet «Lyshorn», men låg under losje «Ole Bull». Det er ikkje å undrast at arbeidet i barnelosje «Håkon» vart vanskeleg då 21 born vart overført til den nye losjen på skipingsdagen, som i tillegg fekk 8 nye medlemmer.

Dei to barnelosjane levde kvar sitt liv med vekslande medlemstal. Det var ikkje alltid lett. På møte i losje «Ole Bull» 14. febr. 1968 var det sak om losje «Håkon» skulle leggjast ned. Den hadde då kvilt i 4 år. For: «Det var vanskeleg å halda arbeidet oppe den gongen. Her var kome ølsal i grenda, sume hadde fått fjernsyn, andre ville høyra på sportsmeldingar, nokre braut røykjeforbodet og barneleiaren vart sliten av å vera åleine om vask og alt som fylgde med». Men losjen gav ikkje opp. I 1979 heldt losjen 70-årsfest og så seint som i 1981 står barnelosjen

oppført med 19 medlemmer. Barnelosje «Håkon» vart nedlagd då siste barneleiar, Rune Drange frå Nordvik, flytta til Drammen vinteren 1981/82. Barnelosje «Lyshorn» kom ikkje i drift att etter at Alfred Gjersvik vart sjuk tidleg på 1970-talet.

«Skogheim»

I referatet frå skipingsmøtet vart «Skogheim» nemnt som Ungdomslokale. Truleg har eit ungdomslag i Nordvik hatt huset. Lokalet vart av losjen mest nytta til opne møte, juletefestar og marknader, men òg til losjemøte.

Møta den første tida vart haldne i skulehuset i Nordvik. Men med mange medlemmer frå Lysefjorden krins vart fleire møte lagt til skulehuset i Uradalen. På møtet 14. jan. 1912 vart det vedteke at «Skogheim» skulle overførast til losjen. Med det fall også vedlikehaldsansvaret på losjen. Dette krov ekstra innsats, dugnader og ikkje minst pengar. Det går såleis som ein raud tråd gjennom dei fleste møtereferata at eit eller anna måtte gjerast med huset.



I 1940 tok «Vernemakta» huset og hadde det heile krigstida, meir eller mindre. Men losjen hadde truleg vedlikehaldsansvaret. For i møteref. 21.juni 1942 står det: «*Det vart dryft kva me skulle gjera med «Skogheim», som stod der so og seia til skam for losjen. Rutene knust og folk gjekk ut og inn som dei best ville*». Det vart lite gjort med vedlikehald i krigstida og i fleire år etter. Men i 1971 fekk losjen ei løyving på kr. 25.000,- frå Fana kommune, til oppussing og utviding. Då først fekk ein skikk på huset att.

Sjolv om losjen eigde huset, så eigde han ikkje grunnen under huset. Den høyrde til Lyseklostergarden ved «osingen» von Erpecom, men var skoytt til dotter til von Erpecom, med etternamn Sverre. Ho selde eigdommen til Bergen kommune i 1983, i samband med bygging av ny skule i Nordvik. Frå 1986 og fram til 2004 har Skogheim vore brukt til sløydsl for Nordvik skule.

Samarbeid lag imellom

Losje Ole Bull hadde i alle år eit nært samarbeid med losjar i Fana, Bergen, Os og Sotra. Losjen var tilslutta krinslosje «Hardsjø» og måtte, på grunn av det, ta på seg ei rekkje med krinslosjemøte. Men dei mindre sammøta var nok viktigast, der eit eller fleire nærskylde lag kom saman, både for å styrkja venskapet og til inspirasjon i

arbeidet. M.a. står det i eit møtereferat frå 19.nov. 1911: *Losjane «Ole Bull», «Høgsumar», «Morgenrøden» og «Midthordland» skulle slå seg saman om å stansa olsalet på Ulven*». Aksjonen var truleg mislukka.

Av interesse for oss osingar er referat frå julefest 20.jan.1940: «*Me var og so hepe at me hadde eit par felespelarar med oss, Alfred Noss og Lasse Kristiansen frå losje «Midthordland». Dei spela til songane ved sida av orgelet, og det fylte godt og sette feststemningi høgre*». Både desse to, Ingebrigt Bjørø, Anders Hauge og Daniel Grindevoll er nemnt i fleire referat opp gjennom åra.

Det var strenge reglar for bruk av losjen sine eigneluter. I eit referat frå 1940, der Os Mannskor søkte om å få låna orgelet til ein konsert i ungdomshuset i Lysefjorden, står det: «*Det vart vedteke at koret kunne få låna orgelet på vilkår av at det ikkje skulle nyttast til dans*». Men folkeviseleik var mykje nytta i losjane.

Fest og marknad

Det var støtt og stadig spørsmål om pengar til vedlikehald av «Skogheim». Løysinga på det var marknader og basarar. I 1938 var det stor marknad som gjekk over to helger. Det var skytebane, fiskedam og utlodding. Innkoma var kr. 275,15. Ein liten sum skulle ein tru. Men omrekna til dagen pengeverdi, var summen nærare kr. 7.000,-. Då

vert bilete noko heilt anna. Så seint som i 1978 vart det halde marknad, der omrekna bruttoinntekt vart om lag kr.21.000,-.

Å skipa til marknad var eit strev. Då var det sikkert meir gjevande å skipa til festar. Det vart det mange av opp igjennom åra. Julefestar for heile bygda var årvisse. Folk møtte trufast opp. Julefestar har alltid vore noko som knytter grender nærare saman. Den første festen var så tidleg som i 1911. Den siste i 1977. «*Fullsett sal*», står det i referatet.

Konfirmantfestar var det òg. «*Til årsfesten hausten 1935 vart alle årskonfirmantane frå Nordvik og Lysekloster skule imbedne*». Det er uklårt om det vart noko av denne festen, og det er også uklårt om dei var årvisse. Men i 1944 skipa losjen til «ljosefest» i Nordvik skule. «*Til denne samkoma var bede inn siste års konfirmantar i Nordvik og Lysekloster krinsar, og mest alle hadde møtt*». På «ljosefesten» «*rodde br. Bønes stutt og godt om lyset, – lys i alle former og alle tider – fram til elektrisk lys i Nordvik*». Dei fleste hus i Nordvik fekk elektrisk straum då det vart strekt lyslinja over Fanafjellet i 1944.

«Det indre liv»

I dei fleste losjar vert møta haldne etter særskilde ritual. Slik er det også i godtemplarlosjane. Etter at den formelle delen er ferdig, der dei ymse ombodsmenn har sine spesielle plikter, går ein over til programmet. Så langt råd er vert medlemene aktiviserte i programpostane. Dette er ein måte som har vist seg effektiv når det gjeld dei utfordringar medlemene får i det daglege livet.

I ideelle organisasjonar var det alltid eit handskrive blad. I losje Ole Bull heitte dette dei første åra «Lyngblomen». Seinare fekk bladet namnet «Von», utan at det går fram når og kvifor det vart namneskifte.

Alle lag er avhengige av entusiastar. Personar som er villige til å ta på seg oppdrag og som utfører dei. I losje «Ole Bull» og barnelosjane «Håkon» og «Lyshorn» trur eg ikkje eg gjer nokon urett når eg særskilt nemner ekteparet Bønes og Gjersvik. Førstnemnde lærar ved Nordvik skule og sistnemnde ved Lysekloster skule. I mindre skulekrinsar var læraren gjerne «pott og panne». Med i lagsarbeid, stod for 17.mai-arrangement, var ansvarleg for julefestar, gjerne også lokale idrettsarrangement, kanskje dirigent og mykje meir. Desse to fylte denne rolla kvar på sitt vis. Men også konene deira var med. Det viser m.a. dei «tallause» innlegg desse fire hadde i det handskrivne bladet «Von». Gjennom losjearbeidet fekk dei utløyning for nokre av dei ideelle hugmåla dei hadde. Alle var ihuga i målrørsla og Gjersvik hadde også vore formann i Os Mållag.

«Det indre liv» kan også karakteriserast ved at alle møte vart nøye referert og ført inn i møteboka. Likeeins vart det ført nøyaktige medlemsbøker og rekneskapsbøker. Svært mykje av dette er teke vare på. Det er såleis eit godt arkiv for den som ønskjer betre kjennskap til arbeidet i losjen.

I dei 74 åra losjen var liv laga, vart det tilsaman halde 926 møte. Dette skulle, i gjennomsnitt, bli 12,5 møte for året. Dei første åra var det møte kvar veke, seinare noko sjeldnare. Det har ikkje vore aktivitet i losjen sidan vinteren 1984. Kåre Bakervik var då øvstetemplar og Kjell Bakervik losjefullmektig.

Losje «Ole Bull» med tilhøyrande barnelosjar er no historie. Men mange er dei som kan takka idealistane i desse laga for den lærdommen dei fekk og for alle dei gode minne dei kan sjå tilbake på.

Kjelde: Arkivmateriale til losje «Ole Bull».

Tenåring tett på tyskarane

Bitten Lyssand fortel til Lars Skorpen

Dei fleste er framleis på fornamn med Bitten, sjølv om ein ikkje finn ho på Flåten lenger. Om ein i si tid famla seg fram i glasbutikken for å finna ein bryllaupspresang eller eit bursdagsblynskot av det knuselege slaget, kunne ein alltid stola på Bitten sin sikre smak, som kjem så godt til syne i den stilfulle stova på Austre Lurane. Men også er tydeleg til stades i sansen for den lokale kunst- og kulturtradisjon, om det er Ola Hjelle sine utskorne møblar eller Bugge-bileta på veggene.


Konfirmasjonsbilete frå 1942.

I mange år dreiv ho saman med mannen Jacob, Os Glassmagasin, butikken som flytta frå elvo til midt på Osøyro, og seinare til Midtpunkt og Flåten senter. Men no skal vi snakka om noko heilt anna. Eg er ute etter å få vita litt om korleis det var å vera tenåring tett på tyskarane i Øyane under krigen. Bitten fortel fritt frå krigsåra, og eg lyttar med nyspissa blyant.

Krig

– Akkurat *denne* tysdagen, den 9. april 1940, var annleis enn andre tysdagar. Eg låg nemleg i senga med eit brannskadd bein og veslesystera mi – Hjørdis, 14 dagar gammal – då eg hørde far si stemme frå stova: «Tyskarane har invadert Noreg!» Etter denne skilsetjande meldinga sit sanseintrykka frå denne dagen som spikra meir enn seksti år seinare. Det må ha vore den fæle følelsen av å vera hjelpelaust sengeliggjande. Og så ansvaret for det vesle barnet.

Litt seinare – skotsalvar. Huset ristar, og bilete ramlar på golvet. Tyskarane prøver å ta tabben på mineleggjaren «Tyr», synte det seg seinare. Eg blir liggjande og anka, ikkje berre er det babyen eg tenkjer på, men no er den andre veslesystera



mi, sjuåringen Synneva, forsvunnen over alle haugar for å sjå kva som skjer. Eg føler at eg må ta vakse ansvar, sjølv om eg eigentleg er redd og forvirra.

Endeleg kjem Synneva til rette og dei vaksne heim, men med skremmande nytt. «Tyr» er sett på land i nærleiken, lasta med miner som har tennhettene på. Folk er vitskremde. Heimane må evakuerast i ein fart.

Far tek familien med seg i fiskeskøyta si, «Røttingen». Etter kvart blir båten stuande full av naboar. Eg blir lempa som ein tomsekk og hamnar i far sin skipparlugar. På turen mot Kvaesund ser eg lysglimt og gneisteregn over fjorden. Vel framkomne til eit hus fullt av folk ror far tilbake for å ta seg av «Besto», som valde å vera åleine igjen heime. Alt dette forsterkar kjensla av hjelpeløysen denne tysdagskvelden. Alt er uverkeleg, og eg klarer ikkje å seia noko før eg er heime att dagen etter. Ein slags sjokkliknande tilstand kan det vel kanskje kallast.

Festning

Etter ei tid klappa tyske ingeniørsoldatar til kai. Båtar fullasta med sand og sement lossa ved Holmakaien (Vedholmen kai). Norske anleggsarbeidarar fann vegen til Øyane. Dei bygde veg til Røttingatongane, og offiserane fekk snart tak over hovudet i eige hus. Til slutt vart kanonane plasserte strategisk, peikande utover fjorden mot havgapet i vest. Søre Øyane i Os var blitt ein del av «Festung Norwegen», og samstundes blei krig og okkupasjon ein del av barnekvardagen i Øyane.

For nokre år sidan kom boka «Barn under krigen» (Aschehoug, Oslo 2000), skriven av historikarane Berit Nøkleby og Guri Hjeltnes. Her fortel dei korleis barn frå ulike stader i Noreg opplevde siste verdskrigen. Underskrivne vil gjerne referera eit par episodar frå boka, som gir

oss eit visst perspektiv på det Bitten fortel. Først om den vesle jentungen i Bergen som så vidt kunne snakka. Ho var på sykkelturn med foreldra då ein tysk soldat kom mot dei. «Sjå der er eit menneske,» sa jenta. «Det er eit umenneske, vennen min,» sa faren. Noko seinare hjalp ein tyskar henne og mora ut av ein trikk, og den vesle jenta sa høgt og tydeleg: «Det var då eit snilt umenneske, mamma!»

Ei tenåringsjente fortalde til forfattarane: «Tyske vaktbåtar patruljerte langs kysten, og nokså ofte stakk dei innom bygda. Pene, unge menn i uniform stod på brua, lo med kvite tenner og spela toradar og song. --- Ein kveld vi jentene var på kveldstur, møtte vi ein gjeng soldatar med landlov. Dei skøya og ville prata med oss. Den eine jenta ville slå lag med dei. «Ikkje gå,» hugsa eg at eg sa til henne. Men ho gjekk, og det vart henne dyrt. Ho var like bra som nokon av oss andre, ho såg berre ikkje konsekvensane.» Så langt boka.

Det var nyttig, og ofte heilt nødvendig, å ha eit nettverk rundt seg som barn eller ungdom under krigen. Det hadde kanskje ikkje denne jenta frå boka, men det hadde Bitten, om det hadde vore bruk for det. Men soldatane var snille, hjelpsame og svært veldisiplinerte, understrekar ho, samstundes som dei tok seg til rette på vegner av den tyske vernemakta.

Kvardag

Då Noreg, rundt årsskriftet 1942/43, var nokolunde ferdig utbygd som «festning», stod det 12/13 hærdivisjonar med til saman 380.000 soldatar i landet. Nokre av desse hamna heime i huset til Barbra og Otto Røttingen med barneflokkene Sara (14 år i 1940), Bitten (12), Kalle (10), Synneva (7), Hjørdis (nyfødt) og Randi, som kom til verda
til neste side



DnB NOR Os

Din lokale bank - banken som kjenner deg

www.dnbnor.no

DnB NOR

i 1942. Tett på denne barnerike familien budde tre unge underofiserar i fleire år. Dei hadde eige rom, rekvirert av vernemakta. Bitten hentar dei lett fram frå hugsen, og ser dei stå ved vasskjelda ein vinterdag. Dei stod med berr overkropp og tok morgonvasken i kaldt vatn – alltid nøye med den personlege hygiene.

– Øyane var eit barne- og kvinnesamfunn under krigen, med læraren som einaste hane i korga. Dei fleste andre menn var på vinter- og vairsildfiske, og dermed borte i vekesvis. Vi stolte på dei unge soldatane, og dei viste seg tilliten verdig, kan ein trygt seia.

Læraren stabla på beina ein kveldsskule, som naturleg nok mangla mannlege medelevar. Likevel var det viktig for det sosiale miljøet. Det var ulovleg å samlast i ungdomshuset. Trass i dette stelte vi i stand ein danskveld med grammofon. Det rykte for mykje i dansefoten.

Det tolde ikkje tyskarane. Dei troppa opp og heiv grammofonen («His masters voice») ut gjennom vindauget. På heimvegen vart eg stoppa av ein soldat som retta våpenet sitt mot meg. Eg var heilt roleg. Visste han aldri kom til å skyta. Faktisk var vi reddare engelske fly og båtar, for dei skaut *mot* land. Eg tenkte ofte tanken på veg i seng: «Håpar ikkje engelskmennene kjem i natt!»

Under ei trefning på fjorden måtte vi ta dekning i kjellaren. Då tok klaustrofobien kvelartak på meg. Eg reiv meg laus og fann meg sjølv att etter landevegen. Eg berre sprang og sprang. Kulene slo inn i bergveggen på andre sida av vågen. Då skjønnte eg kvifor dei ville halda meg heime. Hamna til slutt hjå Sino og Nilsen i Uro. Denne kvelartakskjensla hang nok nøye saman med opplevingane første krigsdagen.

Kulene kvein også ein anna gong. Det hadde seg nemleg slik at eg måtte til Brimsholmen eit ærend. Med mennene på vintersildfiske måtte ein sjølv ta årene fatt over «Kjerringahavet». Vi menneske er flinke til å tilpassa oss. På heimvegen begynte det å smella og spretta rundt båten. Kulene slo ned, snart på den eine, snart på den andre sida. Eg har ikkje gjort noko gale, tenkte eg og følte meg heilt roleg. Det var nok ungdommeleg galskap frå dei tyske soldatane si side. Då dei såg reaksjonen, eller skal vi seia mangelen på reaksjon, gav dei seg snart. Eg var nok tøff og trygg ute, men inne var det annleis som sagt, seier Bitten og trekker pusten.

Eg kastar eit skrått blick på intervjuobjektet mitt. Begynner ho å bli trøytt og lei mimringa? Det er noko eksotisk med Bitten, slår det meg. Får ein til å tenkja på fjerne himmelstrok. Kanskje ein farande sydeuropeisk sjømann. For nokre hundre år sidan. Gener kan vera seigliva. Ho tek meg ut av tankane mine ---.

– Eg skal fortelja ei solskinnshistorie til slutt. Skulle hogga ved og var uvorden. Hogg fingeren. Det ville ikkje gro, gjekk villkjøt i det. Ein tysk sanitetssoldat hørde rykte om dette og tilbød hjelp. Han stakk innom tidleg om morgonen. Tolmodig og forsiktig stelte han såret. At han måtte stå mykje tidlegare opp, brydde han seg ikkje om. Det høyrer med til historia at fingeren blei bra!

Ho viser meg korleis fingeren ser ut seksti år etter. Vi er tilbake i notida.

Me treng kvarandre

Dei menneske du møter på din veg,
treng alle saman til ein smil frå deg,
og når du talar varme, milde ord,
vil du få sjå korleis det gode gror.

Når kvardagen kan synast trist og grå,
det hjelper om eit kjærtekn du kan få.
Då spirer gode frø i hjartejord
og vert til slutt eit vakkert blomeflor.

Henning Henriksen

**Din totalleverandør av
finansielle tenester**

Nordea 

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110

Avd. Os
Landboden
5200 Os
Tlf. 56 30 17 05
Fax. 56 30 04 53



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Avd. Fusa
Fjord'n Senter
5640 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 15 25
Fax. 56 58 28 76

E-post: firmapost@alf.hjelle.no • Internett: www.alfhjelle.no

Butikk i Landboden på Os • butikk i Fjord'n senter • håndtverk

Malermester



HANS ASK
TRANSPORT AS
INDUSTRIVEGEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Lager Kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10

E-POST: os@travelnet.no

Heimeside: www.osreisebyra.no

Solavskjerming - Kjøkkenartikler
Maling - Jernvarer - Gaveartikler

Flåten Jernvare A/S

Amfi Os, 5200 Os

Tlf.: 56 30 07 44

Fax: 56 30 07 51

SJEKK SYNET HOS OSS
INTEROPTIK

H. Bakketeig AS

Telefon: 56 30 18 00

Telefax: 56 30 76 50

KAFE • CATERING • PUB

MATSTOVA

FERDIGMAT
Leveres også søndager

 56 30 10 55

Blomar og planter

i store parti

me kjøper og sel

frå vårt gartneri.

A/s Lystland  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15



Oppgitt Foto: Sørensen/Sørensen



God helse er ikkje sjølvsgatt

Uførepensjon gjer deg litt tryggare

Det einaste vi veit om framtida, er at det er bortkasta tid å uroe seg. Gledelege overraskingar og nye utfordringar ventar på oss alle. Sparebanken Vest har ei rekkje forsikringsprodukt og erfarne rådgivarar som hjelper deg å velje rett løysing for framtida di. Å samle bank og forsikring på éin stad er både sikkert og oversiktleg. Så du kan nyte livet endå litt meir. Og uroe deg litt mindre. Kom innom i banken og snakk med oss, ring Kundeservice på telefon 815 22 002 eller gå inn på www.spv.no.

 SparebankenVest

A SÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF: 56 30 24 00
FAX: 56 30 76 58
BANKGIRO: 3631.09.32706
ORG. nr.: NO 862 988 302 MVA



EIN LOKAL MEDSPELAR

Vi tilbyr alle tenester innanfor rørleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av rør og kanaler
Lokalisering av rør og kablar
Utleige av minigravar*



POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50



Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider: Mandag-Onsdag 09.00-17.00
Torsdag 09.00-19.00
Lørdag 09.00-15.00



Vi har:

**Storkiosk, Selvvask
Dekkservice, Servicehall
Tilhengerutleie**

**STATOIL SERVICE OSØYRO
5630 0970**

Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Os Folkedanslag
Stiftet 1890



Bli med og dans!

Levende musikk i Fjellheim

annankvar ty-dag.

Sjå elles kulturkalendaren.

 **Bohus**

Telefon: 56 30 34 10

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

**Vi støtter det lokale
kulturmiljøet!**

Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: m.k.olsen@interbok.no

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

**M. HAUGE'S**
Planterekole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.



FABRIKKUTSALG

Tekstiler til fabrikkpris

TLF: 56 30 74 56

ÅPNINGSTIDER: Mand., tirsd., onsd., fred.: 9.00 - 16.30
Torsd.: 9.00-18.00 Lørd.: 10.00-14.00

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -
for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Barbra Røttingen

Nestleiar: Norvald Kobbeltvedt

Skrivar: Marie Hauge

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Mari Lyssand

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.


FARGERIKE[®]
Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

HVOR SOM HELST - NÅR SOM HELST

**Gaia har turbusser til
alle formål**

KONFERANSER

DAGSTURER

BLÅTURER

JULEBORD

MØTER

KURS



Ring oss direkte på telefon
55 55 44 54 eller 55 55 44 84
e-post: gaiareiser@gaiatrafikk.no

**GAIA
TRAFIKK** 

Gaia Trafikk AS, Postboks 7405, 5020 Bergen




**Varme- & Bad-butikken din på Os
Engevik Rørleggerservice.**

Landboden, 5200 OS
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98

**VARME
& BAD**





Eg gløymer å takka

Eg gløymer så ofte å takka for
dei gode og rike dagar
som eg fekk tildelt så ufortent,
men altfor ofte eg klagar.

Eg gløymer så ofte å syna meg blid
og seia dei varme orda
til alle dei som er gode mot meg
under mi vandring på jorda.

Eg gløymer så ofte å gjeva ei hand
til dei som har tungt å bera.
Det burde ha vore oppgåva mi
ein ven og ein hjelpar å vera.

Henning Henriksen